



Seljord

# Årsmelding 2021

Seljord kommune



# Innhold

<b>1 RÅDMANNEN SI OPPSUMMERING .....</b>	<b>3</b>
<b>2 POLITISK ORGANISERING .....</b>	<b>5</b>
<b>3 ADMINISTRATIV ORGANISASJON OG LEIING .....</b>	<b>7</b>
REKNESKAP .....	10
<b>4 MÅL OG RESULTAT FOR SELJORD KOMMUNE .....</b>	<b>11</b>
ØKONOMISKE MÅLTAL.....	11
NYKKELTAL.....	12
<b>5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....</b>	<b>16</b>
<b>6 SKULE OG OPPVEKST.....</b>	<b>17</b>
ORGANISERING .....	17
KOстра - NYKKELTAL.....	17
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	18
TENESTETILBOD OG STATUS I EININGANE .....	26
REKNESKAP .....	29
<b>7 HELSE OG OMSORG.....</b>	<b>30</b>
ORGANISERING .....	30
KOstra - NYKKELTAL.....	31
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	33
TENESTETILBOD OG STATUS I EININGANE .....	36
REKNESKAP .....	41
<b>8 SAMFUNNSUTVIKLING OG DRIFT .....</b>	<b>43</b>
ORGANISERING .....	43
MÅLOPPNÅING, UTVIKLING OG UTFORDRINGAR.....	43
REKNESKAP .....	53



## 1 Rådmannen si oppsummering

Denne årsmeldinga er rådmannen si rapportering for drifta i året som har gått. Den beskriv utviklingstrekk og viktige hendingar for kommunen, og har sitt utgangspunkt i budsjett- og økonomiplan. Den samla rapporteringa består av årsmelding og rekneskap med økonomiske analysar og vurderingar.

Seljord kommunes sentrale oppgåve er å vere samfunnsbyggjar og ein attraktiv og konkurransedyktig tenesteleverandør, forvaltar og arbeidsgjevar. Kommunen vil i åra som kjem måtte løyse mange nye utfordringar, samtidig som dei økonomiske rammevilkåra vil bli strammare. Framtidas velferdsutfordringar med fleire eldre og færre yngre, kombinert med ein stram kommuneøkonomi, krev nytenking, endringar og innovasjon. Førebyggjande arbeid og tidleg innsats er og vil vere nødvendig for å sikre optimal bruk av ressursane, og vil komme brukarane til gode gjennom auka kvalitet i tenestene.

12. mars 2020 vart Noreg stengd ned grunna koronapandemien. Lite visste med då at pandemien skulle prege kvardagen til oss alle ikkje berre i 2020, men også i 2021. Desse to åra har vore ekstreme på fleire vis, og nedstenginga har hatt dramatiske konsekvensar for mange. Seljord kommune har vore ein av dei kommunane i Noreg som har vore minst ramma av store smitteutbrot, men pandemien har likevel hatt store konsekvensar også for oss. Heldigvis har vi mange tilsette i kommunen som har gjort ein framifrå jobb i ein krevjande arbeidssituasjon med stor arbeidsbelastning. I tillegg har fagforeiningane stilt opp, og vore til stor støtte i denne krevjande tida. At vårt sjukefråvær i 2021 ligg på 5,03 % på sjukemelde og 1,83 % på eigenmelde seier sitt – det er imponerande lågt.

Det har gått mykje tid til beredskapsarbeid og kriseleiing, massevaksinasjon og massetesting i 2021. Det har ført til at fleire oppgåver har blitt prioritert bort då handtering av pandemien har hatt førsteprioritet. Etter kvart har vi blitt vane med å leve under tidvis strenge smitteverntiltak, og både tilsette og innbyggjarar har vist ei fantastisk evne til å halde ut og omstille seg.

Seljord kommune hadde eit mindreforbruk i 2021 på like over 4,7 mill, eit netto driftsresultat på 1,24 %. Mindreforbruket vert sett på disposisjonsfond som då er på like over 19 mill. 1,2 mill av dette er løyvd til breiband, men disponibelt disposisjonsfond er likevel større enn nokon sinne. Mindreforbruket skuldast i hovudsak stor auke i skatte- og kraftinntekter, samt eit stort mindreforbruk i helse og omsorg.

Når det gjeld tenesteområda er årsresultata fylgjande:

- Sentraladministrasjon og felles, mindreforbruk på 1 074 279,-
- Skule og oppvekst, meirforbruk på 1 007 474,-
- Helse og omsorg, mindreforbruk på 4 424 720,-
- Samfunnsutvikling og drift, meirforbruk på 500 501,-

Trass i positivt resultat i 2021, er det viktig å understreke at den underliggende drifta av kommunen totalt sett er for høg.

Rekneskapsresultatet for 2021 gir oss fylgjande økonomiske føringar for komande økonomiplanperiode:

- Eingongsinntekter balanserer drifta for høg underliggende drift
- For svakt netto driftsresultat over tid
- Netto lånegjeld vil auke
- Koronautfordringar også framover
- Endra rammevilkår sørleg med tanke på endringar i demografi
- Treng fokus på omstilling og effektivisering
- For høgt ambisjonsnivå, treng tydelege prioriteringar

Trass i korona har det skjedd mykje positivt i året som har gått. Arbeidet med rullering av arealdelen av kommuneplanen har gått føre seg heile 2021. Det har vore ein krevjande planprosess. Planen legg opp til vidare vekst i Seljord-samfunnet gjennom tilrettelegging av areal til bustader, industri og annan infrastruktur. På plansida har vi òg ytt vår del i arbeidet med ein felles klimaplan for Vest-Telemark, og vi er i avslutningsfasen på ein heilt ny kommunedelplan for helse og oppvekst. Det er òg sett i gang eit arbeid med å utarbeide ny profilmanual og kommunikasjonsstrategi, og målet er å bli endå betre både innan intern og ekstern kommunikasjon i tida som kjem. Stortingsvalet vart gjennomført etter boka, og vi har endeleg komme i gang med bygdeutviklar. Her vil det skje mykje spanande i året som kjem blant anna med heimekontor i fellesskap, bygdevertkollektiv og kampanjar i sosiale media. På næringssida har det og vore full fart, og det er mykje spanande som skjer både i Nordbygdi, på Århusmoen og Sinnesodden - for å nemne noko. Det er tydeleg at mange aktørar ser på Seljord som ein attraktiv stad å bygge og bu med vår gode plassering som knutepunkt midt i Telemark.

Mykje tyder på at Seljord-samfunnet vil få ei rivande utvikling dei kommande åra, blant anna gjennom nyetableringer og ei sterk tru på framtida i næringslivet. Utfordringa for kommunen blir å ha kontroll på økonomien, sikre god ressursbruk og kvalitet på tenestene, samt syte for at vi klarar å rekruttere og halde oppe kommunen som ein kompetent organisasjon.

**Rikke Raknes**

Rådmann



Seljord

## 2 Politisk organisering

### Kommunestyret

Ordførar Beate Marie Dahl Eide (Sp)

Varaordførar Sondre Aasan (Sp)

SP: Marita Byggstøyl Dyrland, Terje Haugland, Eilev Eiesland Bjørge, Håkon Høgetveit  
(uavhengig frå 16.12.2021), Maria Groven

MVG: Peter Fjågesund, Gunhild Flatland

H: Per Dehli, Margit Elise Karlsen, Edvard Mæland

FrP: Mogens Iversen, Carina Thorvaldsen

AP: Halfdan Haugan, Eivind Skogheim, Ingvild Haugerud Øverland

### Formannskap/økonomiutval

Ordførar Beate Marie Dahl Eide (Sp)

Varaordførar Sondre Aasan (Sp)

SP: Marita Byggstøyl Dyrland

MDG: Peter Fjågesund H: Margit Elise Karlsen

FrP: Carina Thorvaldsen

AP: Halfdan Haugan

### Samfunnsutval

Terje Haugland (Sp) – Leiar

Tone Reiten (MDG) - Nestleiar

SP: Sondre Aasan, Marita Byggstøyl Dyrland

H: Edvard Mæland

AP: Eivind Skogheim

FrP: Mogens Hougaard Iversen

### Velferdsutvalet

Kjell Hartberg (MDG) - Leiar

MDG: Gunhild Flatland

SP: Håkon Høgetveit (uavhengig frå 16.12.2021), Eilev Eiesland Bjørge

H: Kathrine Valhovd

FrP: Carina Thorvaldsen

AP: Ingvild Haugerud Øverland

### Ungdomsråd fram til sommarferien

Anne Øygarden Haugland - Leiar

Martin Haugen Kultan, Olav Brennemo Eriksen, Abdi-Rahin Ise Mohavid, Celina Lauvstad,  
Martin Eilefstjønn Berntzen, Carina Thorvaldsen (politisk vald)

### Ungdomsråd etter sommarferien

Abdi-Rahin Ise Mohavid - Leiar



Olav Brennemo Eriksen, Celina Lauvstad, Martin Eilefstjønn Berntzen, Tyril Kleivi, Lucas Sjerve Evensen, Carina Thorvaldsen (politisk vald)

#### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rita Andersen - Leiar

Gunvor Susanne Hegni - Nestleiar

Jon Funner, Henry Mæland (SP), Elisabeth Haugen (AP)

#### Eldrerådet

Odd Vidar Rui - Leiar

Ruth Tordsson - Nestleiar

Margun Gimmestad, Henry Mæland (Sp), Elisabeth Haugen (AP)

#### Kontrollutval

Jon Svartdal (H)- leiar

AP: Hallgeir Ofte (Ap)

FrP. Kari Wolden (varig fritak frå 02.09.2021), Jeanette Cecilie Stenhaug (fast frå 02.09.2021)

SP: Maria Groven, Bjørn Arve Nordbø

#### Statistikk over politiske vedtak og saker


Utval	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyret	110	110	111	84	109	149	113
Formannskap/økonomiutval	98	113	109	86	90	107	113
Plan, miljø og teknisk utval	53	71	48	53	49	-	-
Administrasjonsutval	6	7	21	32	31	27	21
Råd for eldre	9	9	9	7	8	12	11
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11	8	10	6	9	11	11
Kontrollutvalet		30	27	26	33	30	29
Samfunnsutvalet					10	45	83
Velferdsutvalet					4	24	42

#### Tal på politiske møte i 2021

Kommunestyre	10
Formannskap	10
Samfunnsutvalet	9
Velferdsutvalet	7
Administrasjonsutvalet	4
Råd for eldre	4
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4
Ungdomsrådet	4
Kontrollutvalet	5



### 3 Administrativ organisasjon og leiing



På øvste administrative nivå i Seljord kommunen ser organiseringa slik ut:

Seljord kommune hadde i 2021 304 fast tilsette. I tillegg kjem vikarar og andre timelønna. Kvar månad står rundt 480 personar på lønningslista, inkludert introduksjonsstønad og godtgjering til politikarar.

Det siste året har kommunen gjennomgått utskifting på toppleiarnivå. Ny rådmann og to nye kommunalsjefar starta i løpet av 2021.


For å stimulere til kompetanseutvikling, auke kvaliteten i tenestene og vere ein attraktiv arbeidsgjevar ynskjer Seljord kommune å legge til rette for at dei tilsette kan ta etter- og/eller vidareutdanning. I 2021 fekk 8 tilsette vidareutdanning. Kommunen har også tre lærlingplassar fordelt på helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfag.

Det er eit mål å rekruttere til så store stillingar som råd. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken for tilsette i 2021 er 66,83 %. For sjukpleiarar er den 84,99 % og for lærarar 88,18 % same år.

Seljord kommune har igjennom mange år hatt avtale med *Bedriftshelsen AS* om å levere lovpålagde bedriftshelsetenester. Kvart år blir det lagt ein plan for samarbeidet, og i 2021 har dei ytt bistand til mellom anna ergonomiundervisning i barnehagane, gjennomført arbeidsmedisinske undersøkingar i brannvesenet, kulturskulen, blant nattevaktene, samt gjennomført arbeidsmiljøarbeid ved helseenteret. I 2021 lyste Innkjøpssamarbeidet i Telemark ut konkurransen om bedriftshelsetenester; *Avonova* vann konkurransen og overtek frå og med 2022.

I 2021 har arbeidsmiljøutvalet (AMU) hatt 4 møte. Utvalet har handsama 33 saker og arrangerte også ein eigen arbeidsmiljødag.

Gjennom mange år har Seljord kommune har hatt fokus på nærværet på jobb. Kommunen er oppteken av at dei tilsette skal bruke eigamelding framfor legemelding. Trass i koronapandemien og lågare grense for å vere heime, har fråværet vore lågt og utviklinga igjennom året svært god. Det nasjonale måltalet for legemeldt fråvær er på 5,6%. Gjennomsnittet for legemeldt fråvær i Seljord kommune i 2021 er på 5,03%. Dette tyder på høg arbeidsmoral blant dei tilsette og at dei strekkjer seg for jobben og kvarandre. Dette er kommunen svært stolt over. Gjennomsnittet for det eigenmeldte fråværet er på 1.83 %.



Kommunesektoren har gjennom framforhandla avtaler og lovverk gode ordningar for seniorar og tilsette i alle livsfasar. På grunn av pandemien har det ikkje vore gjennomført informasjons- og rettleiingsdag med KLP dette året. Seljord kommune prøver så langt som råd å legge til rette for tilsette i ulike livsfasar. Vidare legg kommunen til rette for at tilsette kan søke om gradert AFP og jobbe redusert i ein periode før dei går av med pensjon.

Frå og med 2020 var NAV Seljord ein del av NAV Vest-Telemark, med felles kontor i Tokke kommune. Det er framleis tilbod om NAV-tjenester ved kontoret i Seljord, og NAV disponerer eigne kontor på kommunehuset.

## Likestillings- og diskrimineringsarbeid

Kommunal sektor er kvinnedominert over heile landet. Seljord kommune har nokre få prosentpoeng høgare kvinneandel enn gjennomsnittleg i norske kommunar. Seljord har kunn ein mannleg sjukepleiar og ein mannleg vernepleiar. Kommunen følgjer gjeldande lover, føresegner og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna, og ynskjer å stimulere til ei god kjønnsfordeling mellom dei tilsette. I annonsemalen ligg det fast inne at ein oppmodar begge kjønn til å söke. I tilfella der vi ser at eitt kjønn er underrepresentert, og at det vil vere hensiktsmessig å ha inn fleire av det andre kjønnet, oppmodar vi spesielt til at desse skal söke på utlyst stilling.

Det kommunale lønnsystemet etter Hovudtariffavtala (HTA) baserer vurderingane på den tilsette sin kompetanse og ansiennitet, og sikrar på denne måten lik løn for likt arbeid. Likevel ser vi nokon skeivheiter mellom arbeidsgrupper med likt utdannings- og ansvarsnivå, og har bruka fleire lokale lønsoppgjer til å jamne ut desse noko. Kvinner utgjorde i 2021 om lag 78,55 % av kommunen sine tilsette. Det er ein nedgang frå 2019 og syner dermed ei auke i tal på menn i organisasjonen. Seljord kommune har ein stor del kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå, i rådmannsteamet, var fordelinga mellom kjønna i 2021 fire kvinner og ein mann. Blant einingsleiarane er det utelukkande kvinner, medan det blant avdelingsleiarar er to menn og ei kvinne, altså 66% menn.

I Seljord kommune fins det mange tilsette ulik etnisk bakgrunn. Desse er tilsett innanfor forskjellige einingar og med ulike arbeidsoppgåver. Mellom anna finn vi helsefagarbeidarar, reinhaldarar, miljøarbeidarar, vernepleiarar, badevakt, assistenter i helse, barnehage, skule, frivilligkoordinator og ansvarleg for distribusjon av hjelpemiddel med anna nasjonalitet.

Dei siste åra har Seljord kommune fått fleire nye flyktningfamiliar, og ein ser at det er svært nyttig å spele på innbyggjarar som har liknande erfaringar og som har budd her ei stund. Desse kjenner til dei nye innbyggjarane sin kultur, språk og religion, og kan bidra med sine erfaringar og kunnskap. Det er meiningsfylt å kunne nytte slike ressurspersonar i arbeidet med integrering, og ein ser at mangfaldet har ein stor verdi i seg sjølv. I dette mangfaldet ligg potensialet for god integrering, læring på tvers og høvet til at nye verdiar kan bli skapt.

## Etikk

I Seljord kommune vil vi at dei tilsette skal oppleve å bli møtt med respekt og toleranse i alle samanhengar. Vi ynskjer tilsvarande at dei tilsette skal opptre respektfullt overfor kvarandre.

Kommunen sine etiske retningsliner vart reviderte i 2021 og vedtekne i kommunestyret. Desse omfattar etter dette også politisk nivå. Retningslinene forpliktar den einskilde tilsette å vere medviten om at dei i arbeidet sitt er representantar for kommunen, at ein er lojal mot dei lover, føresegner, reglement og vedtak som gjeld til ei kvar tid. Kvar einskild tilsett pliktar å gjere sitt for å skape eit godt psykososialt arbeidsmiljø på arbeidsplassen. I kommunens etiske retningsliner finn ein detaljerte og konkret oversikt over kva for åtferd som er akseptert og ikkje. I samband med opplæring av nye einingsleiarar og assisterande einingsleiarar var etikk eit eige tema som vart gjennomgått og drøfta i fellesskap. Tillitsvalde og vernetenesta var også til stades på denne opplæringa.



I dei *Personalpolitiske retningsliner* er det eit eige kapittel som omhandlar reglar mot sosial dumping, som særleg er relevant i samband med innhenting av anbod i mellom anna byggesaker. Kvar einskilde leiar har ansvar for å gjere dei reviderte retningslinene kjend for sine tilsett.

### Kontroll og tilsyn - Internkontroll

Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret. Kontrollutvalet skriv eiga årsmelding.

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at verksemda planlegg, organiserer, utfører og held ved like aktiviteten sin i samsvar med gjeldande krav i regelverket. Seljord kommune har fleire system for internkontroll i dei einskilde einingane. Desse systema er etablerte for å tilfredsstille særlovgiving som gjeld for tenesteproduksjon på desse områda. Det øvste nivået for internkontroll er årsmelding og rekneskap som skal sikre rapportering på resultat i høve til budsjett- og økonomiplan.

I 2019 vart det inngått avtale med Compilo som leverandør av eit digitalt internkontrollsysten. Dette gjer oss rusta til å fylgje opp avvik, ha oversikt over interne rutinar, avtaler og prosedyrar. Arbeidet med opplæring og tilpassing av systemet til vår organisasjon gjekk for fullt i 2021 og vil halde fram vidare.

Kommunen er underlagt statlege tilsyn og har i 2021 hatt følgande tilsyn:

- Arbeidstilsynet - heimebaserte tenester
- Arbeidstilsynet - støttekontaktar og avlastarar
- Forvaltningsrevisjon - omsorgstenester til eldre
- Matrikkellovtillsyn frå Kartverket
- Tilsyn frå Statsforvalter – myndighetsoppgåver barnehage
- Tilsyn frå Statsforvalter – PPT

### Rekneskap

Eining/Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik	Forbruk
Sentraladministrasjon og felles	39 253 366,59	38 636 226,76	-617 139,83	101,60 %
NAV kommune	6 530 062,72	6 226 634,00	-303 428,72	104,87 %
Kyrkjelege føremål	3 940 026,00	3 900 581,00	-39 445,00	101,01 %
Premieavvik, amortisering og premiefond	-13 813 582,24	-14 663 664,00	-850 081,76	94,20 %
Tilleggsløyvingar	57 033,78	1 063 596,28	1 006 562,50	5,36 %
Sal av konsesjonskraft	-11 852 812,00	-9 975 000,00	1 877 812,00	118,83 %
<b>PO 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter</b>	<b>24 114 094,85</b>	<b>25 188 374,04</b>	<b>1 074 279,19</b>	<b>95,74 %</b>

## 4 Mål og resultat for Seljord kommune

Kommunens overordna visjon er "Det gode vertskap". I det ligg det å vere vertskap både for eigne innbyggjarar, turistar og tilsette. Eit godt vertskap byr på seg sjølv, visar seg fram, legg til rette for gode opplevingar og tek vare på dei ein er vertskap for. Vårt mål er at alle skal fø seg velkomne i Seljord og få god hjelp og støtte når dei treng det.

Visjonen er ein del av samfunnsdelen i kommunedelplanen som beskriv mål og tiltak for korleis vi skal nå visjonen. Det har kvart år blitt utarbeidd ein fireårleg handlingsplan som beskriv dette, og som har fylgt med den årlege budsjett- og økonomiplanen. Det er ein omfattande handlingsplan, altfor omfattande etter administrasjonen si mening i og med han ikkje prioriterer nokon av strategiane eller tiltaka.

Hovudtemaa er som fylgjer:

- 1 Seljord i vekst
- 2 Det gode livsløp i Seljord
- 3 Berekraftige Seljord

Det blir rapportert meir på dei ulike strategiane under det tenesteområdet dei i hovudsak høyrer til.

Framover ynskjer rådmannen i større grad å bruke konkrete måltal for arbeidet, slik at vi lettare kan måle om vi har lykkast eller ikkje i arbeidet vårt. Rådmannen vil også gjere endringar i korleis handlingsprogram/arbeidsprogram skal sjå ut og rapporterast på.

### Økonomiske måltal

Kommunestyret har vedtatt fylgjande måltal:

- Netto driftsresultat 1,75 %
- Disposisjonsfond 5 %
- Renter og avdrag 3 %
- Lånefinansiering av investeringar 50 – 60 %

Det har vore tilrådd at netto driftsresultat som eit gjennomsnitt over tid bør vere 3 %.

For 2021 ser tala slik ut:

Måltal	Minimum 1,75 %	Minimum 5 %	Maksimum 3 %	Maksimum 55 %
År	Netto driftsresultat	Disposisjonsfond	Netto finans-utgifter	Netto lånegjeld
2013	0,5 %	0,8 %	3,6 %	70,5 %
2014	2,5 %	2,3 %	2,9 %	66,7 %
2015	2,2 %	3,6 %	3,2 %	72,3 %
2016	1,6 %	5,5 %	3,3 %	74,2 %
2017	÷ 1,7 %	5,1 %	2,9 %	75,8 %
2018	÷ 0,1 %	3,3 %	2,4 %	74,2 %



2019	1,3 %	3,9 %	2,6 %	72,2 %
2020	1,7 %	4,5 %	3,5 %	69,1 %
2021	1,2 %	5,4 %	3,1 %	68,2 %
<b>Snitt 2013-2021</b>	<b>1,6 %</b>	<b>3,8 %</b>	<b>3,1 %</b>	<b>71,5 %</b>


Det er ei utfordring at ein ikkje held dei måltala ein sjølv har vedteke. Resultata dei siste åra har tæra på disposisjonsfondet og slik sett avgrensa handlingsrommet til kommunen,

## Nykkeltal

### KOSTRA


Seljord har valt å samanlikne seg med tre samanliknbare kommunar i regionen (Vinje, Tokke og Nome), den KOSTRA-gruppa kommunen tilhøyrar samt landet utan Oslo. Desse kjem til å gå igjen i komande budsjettørftingsnotat og budsjett og økonomiplan.

Grafen under viser netto utgift per innbyggjar og tenesteområde justert for utgiftsbehov, privatskuleandel og vertskommunetilskot PU. Seljord kommune ligg omrent på nivå med KOSTRA gruppa samla sett. Det er elles stor variasjon i området, med Tokke på topp med 86 865 per innbyggjar, og Nome nedst med 67 010 per innbyggjar.



Kjelde: Framsikt

Ressursbruk er forholdet mellom kommunens eigne utgifter på tenesteområdet og landsgjennomsnittet korrigert for kommunens utgiftsbehov. Er ressursbruken høgare enn 100 % så brukar kommunen meir pengar enn landsgjennomsnittet korrigert for kommunens utgiftsbehov. Som grafen under visar, brukar Seljord kommune meir enn landsgjennomsnittet på alle områder utan pleie og omsorg (96,3 %) og kommunehelse (86,3 %). At kommunen brukar så vidt mykje meir enn gjennomsnittet på barnehage og skule, heng ikkje heilt saman med den demografien kommunen har.



Kjelde: Framsikt

#### Kommunebarometeret

Seljord kommune hamna i 2021 på plass 182 i kommunebarometeret, av 356 kommunar totalt. Dette er vi ikkje nøgde med, og vi har som mål å klatre oppover på barometeret i år som kjem. På grunn av kommunesamanslåingar er det ikkje heilt enkelt å samanlikne seg med tidlegare år, men plasseringane vert likevel tekne med. I 2020 kom vi på plass 218, i 2019 plass 99 og i 2018 plass 201.

Barometeret er laga slik at ulike område utgjer ulik del av den totale vekta, og det er fleire nykelta som avgjer kva for plass ein hamnar på. Grunnskule og pleie og omsorg utgjer begge 20 %. Barnevern, barnehage og økonomi utgjer 10 % kvar, medan helse og sosialteneste utgjer



7,5 % kvar. Kultur, miljø, sakshandsaming og vatn, avløp og renovasjon utgjer 2,5 % kvar. Kostnadsnivå utgjer 5 % av den totale vekta.


Seljord kommune ligg på ein 276. plass på pleie og omsorg. På grunnskule ligg vi på plass 161. Får vi lyfta desse to store områda, vil vi raskt kunne få betre plassering. Det bør og nemnast at vi ligg på ein god 84. plass når det gjeld sakshandsaming.

Til samanlikning ligg nabokommunane våre på slike plasseringar i 2021: Vinje 234. plass, Tokke på 95. plass, Kviteseid har ein 215. plass, Nissedal 281, Fyresdal 222, Notodden 143, Nome 129 og Midt-Telemark 145.

## Regional analyse

### *Folketalsutviklinga i Seljord.*

Det har vore nedgang i folketalet sidan 2015. Seljord har eit fødselsunderskot fordi det er mange eldre og få kvinner i fødedyktig alder i kommunen. Det må difor vere ei positiv netto innflytting for å halde folketalet stabilt. Det blir difor viktig at Seljord er ein attraktiv kommune for busetjing for å kunne trekke til seg innflyttarar.




Kjelde: <https://regionalanalyse.no/rapport/3820/0/1>

I figuren over ser vi utviklinga av folketalet i Seljord i absolutte tal sidan starten av 2000.

### *Framtidig befolkningsvekst i Seljord*

Dersom trenden held fram, vil folketalet i Seljord gå ned dei neste åra. Dersom ein lykkast med å skape høg attraktivitet for næringsliv og busetjing, vil det vere mogleg å trekke til seg innflyttarar slik at folketalet held seg stabilt.


I figuren under kan vi sjå fire scenario som finst for folketalsutviklinga i Seljord fram til 2040 når vi legg til grunn at den nasjonale veksten blir som i hovudalternativet til SSB frå 2020. SSBs siste framskriving for Seljord som vart publisert august 2020 er òg lagt inn.



Kjelde: <https://regionalanalyse.no/rapport/3820/0/1>

### Arbeidsplassutviklinga i Seljord

Det har vore nedgang i talet på arbeidsplassar i Seljord sidan 2013. Det er viktig å få ein positiv arbeidsplassvekst for å få fleire innflyttarar til kommunen. Næringsutviklinga blir viktig slik at det blir fleire arbeidsplassar i kommunen.



Kjelde: <https://regionalanalyse.no/rapport/3820/0/1>

I figuren ovanfor ser vi talet på arbeidsplassar i Seljord fordelt på offentleg og privat sektor i åra frå 2000 til 2019. SSB endra meoden for å rekne ut talet på sysselsette i 2015. Den nye metoden gav om lag fire prosent færre arbeidsplassar i næringslivet.

## 5 Interkommunalt samarbeid


Seljord kommune har løyst fleire av oppgåvene sine gjennom ulike former for interkommunalt samarbeid, og er sjølv også vertskommune for fleire slike. Mykje av tenesteproduksjonen vert gjeve gjennom slikt samarbeid.

Under fylgjer ein kort oversikt over det interkommunale samarbeidet som finst:

Om kva	Kva slags samarbeid	Kven ansvarleg
Kommunepsykolog	Vertskommunesamarbeid Vest-Telemark (Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord)	Seljord kommune
Samhandlingskoordinator	Vertskommunesamarbeid Vest-Telemark (Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Seljord)	Seljord kommune
Barnevern	Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark (Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Vinje, Tokke, Seljord)	Kviteseid kommune
Brann	IKS Vest-Telemark	Tokke kommune
Jordmortenesta	Jordmorsamarbeidet i Vest-Telemark (Kviteseid, Fyresdal, Vinje, Seljord)	Vinje kommune
Kommuneoverlege	Interkommunalt samarbeid Kviteseid/Seljord	Seljord kommune
Legevakttenesta	Legevaktsamarbeid kveld/helg mellom Kviteseid/Seljord. Notodden - natt	Seljord kommune (kveld/helg) Notodden kommune (Natt)
PPT	Vertskommunesamarbeid, Vest-Telemark og Telemark fylkeskommune	Nissedal kommune
NAV	Vertskommunesamarbeid, Vest-Telemark	Tokke kommune
Krisesenter	Samarbeidsavtale mellom alle kommunane i Telemark om felles kriesentertilbod	Skien kommune
Telemark innkjøpssamarbeid (TIS)	Kommunalt oppgåvfellesskap (Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke)	Midt-Telemark kommune

## 6 Skule og oppvekst

### Organisering



Tenesteområdet er organisert med einingsleiarar, avdelingsleiarar og stillingar direkte under kommunalsjef. To spesialpedagogiske stillingar er direkte knytte til spesialpedagogisk elevarbeid og arbeid i barnehagane. Det er einingsleiarar på Flatdal oppvekstsenter, Seljord barnehage, og Seljord barne- og ungdomsskule. Kulturskule og avdeling for integrering og vaksenopplæring har ikkje einingsleiarar men avdelingsleiarar.

### KOSTRA - nykkeltal

Utgifter til drift samanlikna med KOSTRA-grupper og kommunar i fylket. Seljord kommune har hatt stor auke i kostnader pr elev. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til nedgang i elevtalet, auka behov for spesialundervisning, og auka vikarkostnader på grunn av fråvær

under korona. Vi ser at alle kommunar i kommunegruppa har fått auka utgifter pr elev i 2021. Dette utviklinga gjeld òg barnehagane.

### Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule

Korrigerte brutto driftsutgifter pr elev					
Årstal	2017	2018	2019	2020	2021
Landet	94 395	98 376	103 019	100 890	107 850
KOSTRA gruppe 5	129 084	137 330	129 919	119 808	130 508
Seljord	108 678	113 412	114 972	128 936	146 703
Kviteseid	117 411	128 387	144 158	141 229	
Tokke	125 637	126 750	135 808	136 917	150 536
Nome	97 246	99 984	99 461	90 945	99 135

### Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehage

Korrigerte brutto driftsutgifter pr barn i kommunal barnehage					
Årstal	2017	2018	2019	2020	2021
Landet	196 204	211 272	224 168	220 791	244 583
KOSTRA gruppe 5	203 357	221 912	234 366	216 609	236 754
Seljord	229 512	255 448	269 964	260 721	278 798
Kviteseid	200 529	204 921	229 081	230 545	
Tokke	287 849	315 250	337 452	304 333	317 058
Nome	184 620	200 379	196 969	182 053	216 738

## Måloppnåing, utvikling og utfordringar

Frå samfunnssdelen i kommuneplanen ligg desse strategiske måla for tenesteområdet:

- Seljord skal tilby gode barnehagar og skular
- Seljord skal legge til rette for meiningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle

Handtering av pandemien har prega programområdet i heile 2021. Pandemien har ført til auka kostnader, redusert tilbod for brukarane, redusert kvalitet på tenestene, samt redusert kapasitet til å handtere andre satsings- og utviklingsområde. Pandemien har samla sett ført til eit monaleg etterslep i høve til fagleg utviklingsarbeid, sjølv om både skule og barnehage har arbeidd godt på sine prioriterte utviklingsområde. Pandemien har også stogga mykje av det arbeidet som kulturskulen gjer.

Alle tilsette har lagt ned ein formidabel innsats for å syte for normal drift. Dei har stått i frontlinja og akseptert høgare risiko for å bli smitta og sjuke enn dei fleste andre yrkesgrupper. Trass i dette er det legemeldte sjukefråværet for 2021 lågt, men da må ein også vite at det totale fråværet ved enkelte einingane enkelte periodar har vore så høgt som 40-50 %.

Sidan 2020 har kommunalsjef for skule og oppvekst arbeidd i redusert stilling 50 %, då også med ansvar for avdelinga «integrering og vaksenopplæring». Ein valde å gjere det slik også i 2021 grunna stor uvisse i høve til nivået på ny busetting. Frå 2022 er det bestemt at avdelingsleiarfunksjonen blir oppretta att i 50 % stilling og noverande kommunalsjef blir då overført til denne stillinga. Parallelt med dette er det hausten 2021 gjennomført utlysing og tilsetting av ny kommunalsjef.

Gjennom heile 2021 har møteverksemda i sektoren vore redusert samanlikna med tida før pandemien. Dette for å redusere tids- og møteplassen på einingsleiarane, slik at leiarane kunne bruke meir tid med sine tilsette. I staden har ein gjennomført adhoc-møte etter behov og ynskje frå einings- og avdelingsleiarane. Redusert møte- og samarbeidstid har ført til at arbeidet med kommunedelplan for oppvekst er forsinka og oppstart er no utsett til 2022. Ein skal også merke seg at skulane berre delvis har hatt tid og krefter til å arbeide med «Fagfornyinga» og andre nasjonale satsingsområde.

I 2021 deltok alle barnehagar og skular saman i den statlege satsinga «Inkluderande barnehage- og skolemiljø», IBSM. Det er gjennomført omfattande kursing av tilsette på skulane, samt fleire storforeldremøte. Vi har leigd inn ekstern hjelp til dette arbeidet frå firmaet Godskole (skule) og Styd kompetanse (barnehage). Kostnaden er i all hovudsak dekt av statlege midlar. Diverre er det ikkje midlar til å vidareføre samarbeidet for skulen på same nivå i 2022, medan barnehage framleis har rom for å halde fram med Styd kompetanse våren 2022.

Seljord kommune søkte og fekk tildelt midlar til eit aktivitetstilbod for barn og unge i skulealder - Sommarskulen 21 - ein aktiv sommar! Om lag 81 % av alle barn i grunnskulealder var med på ein eller fleire aktivitetar sommaren 2021. Det blei oppretta heimeside, Facebookside og appen «Sommarskulen21» med påmelding. Nye aktivitetar vart lagt ut fortløpende gjennom sommaren og ein har fått særskilt gode tilbakemeldingar på denne satsinga. Samla kostnad til sommarskulen for Seljord kommune blei på omlag 740.000. I dette er det ikkje tatt med lønn til SLT-koordinator og barnevernskonsulent som deltok i arrangementa.

I alle budsjettframlegg dei siste ti åra er det varsle om barnetals- og elevtalsutviklinga i barnehage og skule. Det er framleis negativ barnetalsutvikling blant dei minste (frå 164 barn i aldersgruppa 0-6 år i 2014 til 105 barn i 2021), samstundes som store barnekull er på veg ut av grunnskulen dei neste åra. Elevtalsprognosane held fram som frå siste år. Det blei født 28 born i Seljord i 2021 og det er eit positivt trekk. Utviklinga i verda med covid-pandemi, og korleis det påverkar migrasjon, vil og påverke framtidig elevtalsutvikling. Det er likevel grunn til å tru at vår største utfordring dei neste åra vil vere å tilpasse dei kommunale tenestene til færre barn og elevar, parallelt med at ein skal redusere den økonomiske ramma kraftig og behalde tenestestruktur som i dag.

Tiltaka som er knytte til strategiane, må resultere i måloppnåing innanfor ei gjeven tid. Ulike indikatorar kan nyttast for å vise endring i kvaliteten i tenesteområda. I årsmeldinga er det samla ei rekke kvalitetsindikatorar og tal som er relevante for å beskrive tenestekvalitet og -omfang. Kvart talgrunnlag vert kommentert fortløpande.

## Tal på elevar og barn som får oppveksttenester.

I budsjett 2021 vart det varsla om barnetals- og elevtalsprognosane i barnehage og skule. Som det går fram av figuren under, så er det berre ei lita justering i barnetala i barnehagen frå 2020 til 2021, men det er grunn til å tru at utviklinga vil vere negativ dei neste tre åra før ho stabiliserer seg. Det er likevel knytt stor uvisse til behovet for plassar i skule og barnehage grunna migrasjon. Det er plass til å ta imot 30-40 barn med dei areala som vi har i dag.

## Barn i barnehage i forhold til arealnorm for barnehage


	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Arealnorm krav	Areal i bhg	m2 under krav
<b>Heddeli barnehage</b>	28	12	184	230	<b>46</b>
<b>Tussejuv barnehage</b>	25	18	208	320	<b>112</b>
<b>Flatdal barnehage</b>	22	0	88	92	<b>4</b>
<b>Totalt areal over norm</b>					<b>162</b>
Vedtatt norm for areal					
Over 3 år (m2 pr barn)	4	m2			
Under 3 år (m2 pr barn)	6	m2			
Leikeareal pr barn i 2021	6,11	m2			

## Barnetalsutvikling 0-6 år, 2008-2021



Kjelde: [basilrapport.udir.no/](http://basilrapport.udir.no/)

## Barnehage

Ein kvalitetsindikator er den lovpålagde pedagognorma. Ho syner at Seljord har 10 barn pr barnehagelærar, og at norma er 14 barn pr barnehagelærar. Ein annan kvalitetsindikator er barn pr tilsett i barnehagen. Der ligg Seljord kommune på 5,1 barn pr tilsett og norma er på 6 barn. Dette utgjer ei stor ressursprioritering for Seljord kommune. Organiseringa av dagen, fråvære, kompetanseheving, møte osb kan ha mykje å seie for kor mange tilsette som faktisk




er saman med barna til ei kvar tid. Her leverer barnehagane tenester med ein kvalitet over det nasjonale minstekravet.



### Grunnskule

Elevundersøkinga og elevresultat er gode indikatorar for kvalitet i grunnskulen. Overgang til vidaregåande skule er òg viktige. Dette må sjåast i samanheng med ressursar brukte i skulen og talet på elevar. Vi ser at elevtalet i Seljord fell samanlikna med dei årskulla som går ut. Talet ser ut til å stabilisere seg mellom 20 og 25.

## Utvikling av elevtal i Seljord






I 2020/2021 var det totalt 9,3 fleire årsverk til ordinær undervisning i skulen enn norma krev. I 2021/2022 er det 8,3. Det viser at ein har tatt inn ressursar i forhold til elevtal. Lærartettleik er eit minimumskrav og skulane har her høgare tenestekvalitet enn det som krævast. Organiseringa av klasser medfører at det ikkje er enkelt å få eit optimalt elevtal på alle steg, dermed blir lærartettleiken høgare enn den nasjonale norma.

Lærarressursar til vanleg undervisning	Seljord	Flatdal
1.-4. steg norm: 15 elevar pr lærar	<b>11,2</b>	<b>8,1</b>
5.-7. steg norm 20 elevar pr lærar	<b>16,6</b>	<b>10,6</b>
8.-10 steg norm 20 elevar pr lærar	<b>15</b>	
<b>Årsverk over norma</b>	<b>4,5</b>	<b>3,8</b>
<i>kjelde : gsi 2021</i>		

Skulebidraget syner korleis skulen bidreg til eleven si læring. Det samanliknar resultat for elevar med same føresetnader, og ser korleis skulen påverkar resultata gjennom skuleløpet. 0 er det nasjonale snittet. Seljord har hatt ei positiv trend på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Nå ligg bidraget om lag på nasjonalt snitt. 8.-10. steg har hatt ein liten nedgang, men ligg framleis på nasjonalt snitt. Det tyder på god læring i skulen dei siste åra.





Elevane i Seljord trivst på skulen om lag på same nivå som dei gjer elles i fylket og landet. Dei er også like motiverte for skulearbeid



Elevundersøkinga				
2021-2022	Trivsel 7. steg	Trivsel 10. steg	Motivasjon 7. steg	Motivasjon 10. steg
Noreg	4,1	4,1	3,6	3,4
Vestfold og Telemark	4,1	4,1	3,6	3,4
Seljord	4,2	4,1	3,5	3,4


Kjelde: Udir 2021, skala frå 1-5

Etter mange år med for dårlige tal på mobbing i Seljord er trenden nå positiv. Her kan det sjølvståt vere ulike tal på ulike steg, men elevane i den obligatoriske elevundersøkinga viser positiv trend. Dette kan vurderast som eit resultat av arbeidet i skulen dei siste åra.

Elevundersøkinga	Mobbing 7. steg	Mobbing 10. steg
2021-2022		
Noreg	3,3	2,2
Vestfold og Telemark	3,5	3
Seljord	0	7,5

Kjelde: Udir 2021, % av elevar

Grunnskulepoeng i 2021 var berre standpunktcharakterar. Det blei ikkje halde eksamen vår 2021. Grunnskulepoeng er lågare enn for nasjonen, men samtidig har dei auka dei siste åra.



Overgang til vidaregåande skule har vore dårlig gjennom pandemien. Det er grunn til uro når ein ikkje veit om dei unge kjem inn att når samfunnet kjem tilbake til normalen.

## Seljord kommune (EIGAR) | Overgangar frå grunnskule til VGO | Eigne tal

2021	90,6
2020	94,9
2019	95,1
2018	100,0
2017	100,0

Seljord kommune (EIER), Grunnskule, Overgangar, Begge kjønn


### Oppsummering kvalitet grunnskule

Læringskvaliteten i grunnskulen i Seljord er god. Elevane trivst og er motiverte, men det har vore for mange elevar som blir mobba på skule og i fritida. Skulen får akseptable resultat, men ressursbruken er høg, særleg på spesialundervisning. Her må ein kunne vente endringar dei neste åra på bakgrunn av Stortingsmelding 6, tiltak for «tidleg innsats» og «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering».

Tilsynet frå Statsforvaltaren på PP tenesta viser at vi brukar for lang tid på utgreiing, jobbar ikkje systematisk, og elevar held oppe behova for spesialpedagogisk hjelp. Målet må vere at den 3-5 % med varige spesialpedagogiske behov får eit godt tilbod heile oppveksten, og dei med andre behov får hjelp i kortare periodar for så å kunne gjere seg nytte av den ordinære opplæringa.

### Kulturskule

Kulturskulen har ikkje objektive kvalitetsindikatorar, men elevtalsutviklinga sett i lys av ressursar som er tilført skulen, kan seie noko om kvaliteten. Trendar og samfunnsutvikling vil òg kunne påverke deltakinga. Covid-19 har hatt store konsekvensar for både kulturliv og undervisning, og for deltaking i kulturskulen.



## Tenestetilbod og status i einingane

### [Flyktingetenesta og grunnskule for vaksne](#)

Seljord kommune har vedtatt busetting av 10 flyktningar kvart år i perioden 2019-2023. Totalt er det busett 9 personar (barnefamiliar) i 2021. Det inneber at vi kan busette 11 personar i 2022 dersom IMDi oppmodar oss om dette, og at kommunestyret ikkje endrar gjeldande vedtak. Ved inngangen til 2022 er det mangel på bustader til nye flyktningar, det er difor viktig at kommunen raskt får på plass ein strategi for dette.

Mange av flyktningane manglar skulegang. Dette fører til at dei treng grunnleggande opplæring i fleire år, også utover tida i introduksjonsprogram. Frå hausten 2020 har Vaksenopplæringa organisert delar av eit grunnskuletilbod lokalt og starta opp med modulbasert grunnskoleopplæring for vaksne. Erfaringa så langt er at elevane set pris på eit grunnskuletilbod lokalt, og at dei er motiverte. For nokre av dei som fylgjer grunnskoleopplæring på dette nivået, vil det ikkje vere realistisk å fullføre grunnskule, men dei har likevel rett til eit grunnskuletilbod tilpassa deira behov. Seljord kommune kjøper også grunnskuleplassar ved Notodden mangfolds- og læringssenter (Notodden vaksenopplæring) for deltakarar/elevar som skal ta grunnskuleeksamen før dei skal vidare til vidaregåande opplæring.

Språkopplæring i pandemisituasjon med mykje bruk av digital opplæring har vore ei utfordring. Mange deltakarar treng mykje støtte i opplæringsituasjonen. Det har vore lite sosiale aktivitetar, lite besøk av andre instansar og tenester. Kontaktskapande tiltak i bygda har vore vanskeleg. Vaksenopplæringa starta opp med fysisk undervisning så raskt som mogleg då det vart forsvarleg med omsyn til smittevern

### [Seljord barne- og ungdomsskule](#)

Seljord barne- og ungdomsskule hadde i 2021 omlag 53 årsverk fordelt på skuleleiing, pedagogisk personal og assistentar/vernepleiarar i skule og SFO. Skulene hadde totalt eit driftsbudsjet på 36 mill. kroner.

Overforbruk på barneskulen er primært knytt til pedagogisk drift. Barnesteget fekk fleire og større spesialpedagogiske vedtak enn budsjettet i 2021, og det er ei utfordring med omfattande spesialpedagogiske vedtak som vil halde fram ved barnesteget i ein periode framover.

Skuleleiinga klarte å vidareføre den positive utviklinga frå 2020 med å stabilisere drift og utfordringar knytt til omorganisering. Totalt sett i 2021 hadde skulen få periodar med delvis eller fullt tilbod om heimeundervisning. Det var berre ungdomsskulen som var på raudt nivå og fekk heimeundervisning via Teams i kortare periodar på grunn av nasjonale tiltak.

Skulen hadde som det viktigaste pedagogiske målet i verksemoplanen for skuleår 2021-2022 å arbeide systematisk for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for alle elevar. Skulen inngjekk eit samarbeid med Godskole A/S ved Paul Viktor Wiker. Arbeidet har gitt meirkostnadar som i all hovudsak har blitt finansiert med fondsmidlar og andre midlar. Skulen har ikkje fått midlar for å sikre det vidare arbeidet for år 2022.



Skulen har også i 2021 og vidare inn i 2022 arbeidd for å bli ein dysleksivennleg skule.

Utfordring vidare vil vere å sikre ressursar til spesialundervisning og utarbeide rutinar for elevar med dysleksi. Det vil også vere viktig i åra framover å sikre kompetanse og ressursar for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

For drift på det administrative nivået vil det vere heilt avgjerande for både effektiv drift og rett handtering/oppfølging av lovverk og arkivering i skulen at det skuleadministrative systemet «Visma sikker sak» blir sett i drift til seinast hausten 2022.

#### [Flatdal oppvekstsenter, avdeling skule](#)

Skulen har per d.d. 75 elevar fordelt på 43 elevar i småskulen (1.-4.klasse) og 32 på mellomsteget (5.-7. klasse). Det er organisert med ein klasse på kvart steg.

Generelt er skulen inne i ei god utvikling. Skulen har to satsingsområde: Eit trygt og godt skolemiljø og innarbeidning av ny læreplan «Fagfornyinga». Når det gjeld eit trygt og godt skolemiljø, valde leiinga i skule og barnehage i samband med samanslåinga i 2019, visjonen «Flatdal oppvekstsenter, til barnets beste.»

Kompetansepakke for alle tilsette i Trygt og godt skolemiljø (UDIR) er gjennomført. Bruk av ekstern kompetanse frå «God Skole» på felles leiing, relasjonsarbeid og elevsamtalet. Det har vore ein god implementering av Fagfornyinga, trass i Covid-drift. Kurven på fagleg nivå er svakt stigande jamfør nasjonale kartleggingar. Blant tilsette har det vore arbeidd godt med å utvikle gode profesjonsfellesskap med felles vaksenleiing og godt samarbeid heim-skule

På grunn av skysstidspunkt er det mellom 30 og 40 elevar frå småskulen som er under tilsyn av vaksne fire dagar i veka. Dette er ikkje teke med i budsjettet og må takast innanfor skulens eige budsjett. Ordnингa fører til lønnsutgifter på to-tre tilsette, binding av og mindre fleksibel arbeidstid for assistenter, fagarbeidarar og andre tilsette i skulen.

Skulen har deltatt i arbeid knytt til mogleg renovering/utbygging av skulen. Skulen driv per i dag på dispensasjon, og ser fram til endeleg løysing på dette.

[Barnehagane i Seljord: Flatdal oppvekstsenter barnehage og Seljord barnehage](#)  
Ved utgangen av året er det 22 barn/22 plassar ved Flatdal barnehage. Alle er over 3 år. Det er totalt 9 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak. Ved Seljord barnehage avdeling Heddeli er det 40 barn/52 plassar i barnehagen, og totalt 11,8 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak. Ved avdeling Tussejuv 43 barn/61 plassar i barnehagen med totalt 15,4 årsverk inkl. styrar og spesialpedagogiske tiltak.

Barnehagane i Seljord har utarbeidd ein handlingsplan for trygge og inkluderande barnehagemiljø. Som ein lekk i arbeidet med psykisk helsefremjande barnehagar er det stort fokus på utvikling av eit inkluderande barnehagemiljø for alle barn, foreldre og personalet. Barnehagane i Seljord har engasjert STYD-kommunikasjon til å rettleie personalet i å utvikle inkluderande leikemiljø og til å utvikle ein inkluderande veremåte som deltarar i leik og



anna samspel med barna. Dei har og reetablert Foreldrerådet, og starta på å utarbeide vedtekter for SU/Foreldreråd som skal landast våren 2022. Viktige saker som har vore handsama i foreldreråd og SU dette året er bemanningsituasjonen i barnehagane og måltid.

I barnehagane har vi hatt høgt langtidssjukefråvær og til tider høgt korttidsfråvær. Dette har ført til stort vikarbruk dette året. Vikartilgangen er generelt utfordrande og skapar press på personalet.

Barnehagane nyttar foreldreundersøkinga frå UDIR annakvart år i november/desember. I år viser den same tendens i alle barnehagane i kommunen. Vi skårar høgt på relasjon, trivsel og utvikling. Og lågt på bemanning og matservering. Eit sentralt punkt vi ynskjer å fordjupe oss meir i er medverknad, - frå barn og personal, foreldre og til administrasjon og politikarar. Skal vi lukkast i å utvikle barnehagane, så må vi syte for involvering gjennom heile kjeda. Det krev medvet, gode prosessar og nok tid.

### Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved utgangen av 2020 11 lærarar, av desse er ein lærar på konsulentavtale. Lærarkreftene er særstabile. Det aller meste av undervisninga går føre seg på Granvin i Seljord, ein liten del av undervisninga er desentralisert til Flatdal skule og Flatdal ungdomshus. Ved utgangen av 2020 var det 140 elevplassar registrerte i kulturskulen. Av desse kjem 4 frå andre kommunar. 10 elevar deltek i eit teatertilbod med Hæge Manheim, som strekkjer seg frå haustferie til påske 2021.

Kulturskulen sel undervisning til sjølvkost til Kviteeid kulturskule (4 elevar), pluss eit orkestersamarbeid mellom Seljord, Kviteeid og Tokke. Videogruppa – StudioX – held fram, men har noko redusert elevtilfang.

Året har vore prega av korona, med digital undervisning frå medio mars til ut i mai. Dette gjorde at vi reduserte kontingenget for vårsemesteret med 50 %. Ein har også måttta flytta på konserter som var planlagde i 2020 til 2021.

Område som ein må ha fokus på framover er:

- Tilpassing av lokale fagplanar i tråd med Kulturskolerådet sine fagplanar.
- Jobbe vidare med samspelestiltak på tvers av instrumenta.
- Samarbeid om fellesprosjekt med kulturskular i nærområdet.
- Styrke den digitale kompetansen.
- Vurdere nye disciplinar utover musikktilbod, t.d. å starte opp igjen eit teatertilbod.

### Interkommunalt samarbeid

Vest-Telemark PPT er ei interkommunal, gjennomgåande teneste (IKS) som dekkjer kommunane Vinje, Seljord, Kviteeid, Nissedal, Fyresdal og Tokke.

Kontoret har pr 10. oktober 2022 8 fagstillingar a 100 % rekna med dagleg leiar. Skuleteamet utgjer 5 årsverk. I tillegg har kontoret sekretær i 100 % stilling. Rådgjevarane i skuleteamet arbeider to og to saman ut mot den einskilde skule. I arbeidet med sakkunne er det fast rutine

at sakkyndige vurderingar skal godkjennast av leiar før dei blir sende ut til skule og foreldre/elevar.

Vest-Telemark PPT samarbeider blant anna med skulane gjennom TPO-team inntil 9 ganger pr. år. TPO-teamet består av rektor, TPO leiar, 2 PPT rådgjevarar og kontaktlærar når eigne elever blir drøfta. Aktuelle andre kan vere helsejukepleiar, barnevern, rådgjever og sosiallærar. Foreldre kan også delta i TPO-møtet.

PPT bistår skulane med individsaker, systemsaker, og gir skulane hjelp til utvikling av kompetanse og organisasjon for å leggje betre til rette for elevar med særskilte behov.

PPT deltar i ulike nettverk og prosjekt saman med skulane, og arrangerer kompetansesamlingar med utvalde tema basert på dei behova skulane har. Område for rettleiing bli valde etter kva som er innmeldte behov frå skulane, eller med bakgrunn i opplysningar som kjem fram på annan måte gjennom PPT sitt samarbeid med skulane.

Det blei i 2021 gjennomført tilsyn frå statsforvaltar på utarbeiding av sakkunnige vurderingar og hjelp til skulane med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Endeleg tilsynsrapport blei framlagd i januar 2022 med pålegg om retting av avvik innan 29.04.2022.

## Rekneskap

Eining/Ansvar	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik	Forbruk
Fellestenester kommunalsjef	5 703 412,33	5 672 348,00	-31 064,33	100,55 %
Avdeling for integrering og vaksenopplæring	988 257,86	1 759 376,00	771 118,14	56,17 %
Kulturskulen	3 915 902,81	3 752 816,00	-163 086,81	104,35 %
<i>Eining:</i> Seljord barne- og ungdomsskule	37 382 782,13	36 712 567,00	-670 215,13	101,83 %
<i>Eining:</i> Seljord barnehage	16 818 249,42	17 132 722,00	314 472,58	98,16 %
<i>Eining:</i> Flatdal oppvekstsenter	16 144 572,77	14 915 872,00	-1 228 700,77	108,24 %
<b>PO 2 Skule og oppvekst</b>	<b>80 953 177,32</b>	<b>79 945 702,96</b>	<b>-1 007 474,36</b>	<b>101,26 %</b>


Skule og oppvekst har eit relativt meirforbruk på 1 mill kroner. Det har vore ei styrking av inntektssida gjennom auka statstilskot, samt sjukepengar.

Det er mottatt vesentleg meir midlar frå IMDI for oppfølging av flyktninger enn det som var budsjettert i opphaveleg budsjett.


Programområdet har for tida eit stort volum spesialundervisning for barn og elevar. Kombinasjonen med redusert barne- og elevtal, samt auke i spesialpedagogiske behov, vil føre til ein krevjande økonomisk situasjon dei neste åra.

## 7 Helse og omsorg


### Organisering




## KOSTRA - nykkeltal




\*Justert for utgiftsbehov og for inflasjon med deflator.





Ressursbruksindikatoren viser om kommunen bruker meir eller mindre pengar på ein teneste enn gjennomsnittskommunen (justert for kommunens eige utgiftsbehov). Denne indikatoren seier ikkje noko om storleiken på produksjonen eller effektiviteten i kommunen. Om talet er over 100 betyr det at kommunen bruker meir enn snittet. Seljord ligg lågare enn samanliknbare kommunar og KOSTRA gruppe 5.



## Måloppnåing, utvikling og utfordringar

Frå kommuneplanens samfunnsdel ligg desse strategiske måla for tenesteområdet:

- Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester

Helse og omsorg omfattar ei mengde tenester som kommunen har ansvar for. Ansvaret gjeld for alle barn, unge, vaksne og eldre som bur i Seljord kommune, uavhengig om dei mottar omsorgstenester eller ikkje. Tenestene skal bidra til å førebygge sjukdom og bidra til god helse. Kommunen må også legge til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremjande aktivitet og frivillig arbeid.

2021 har vore eit særskilt år for heile helse og omsorg. Mykje av ordinær fag- og tenesteutvikling har blitt sett til side for å kunne prioritere oppgåver i samband med koronapandemien. Dei tilsette må stadig ta til seg ny kunnskap om smittevern og infeksjonsførebygging. Det har vore naudsynt å endre på rutinar og organisering av arbeidet for å møte alle krav i løpet av pandemien.

Frå 2019 har det vore prioritert å arbeide med ei helse - og omsorgsplan for framtidig helse - og velferdsteneste. Målet var at planen skulle vere ferdig i løpet av 2021, men det blei utsett til våren 2022 grunna koronasituasjonen og byte av kommunalsjef. Kommunedelplan helse og omsorg 2022-2034 er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, og vise strategiske grep som er naudsynte for å møte dei utfordringane som Seljord kommune vil møte i tida som kjem. Planen er viktig for utvikling og prioritering av tenester og bygg som skal konkretiserast i handlingsplanar og budsjettet. Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin visjon og overordna målsetjingar.

Handlingsplan for kvalitetsreforma «Leve heile livet» blei vedtatt seinhaustes 2021. I den ligg det lokale tiltak som vil vere naturleg å knytte inn mot helse – og omsorgsplanen. I prosessen før vedtatt handlingsplan vart det gjennomført kartlegging med involvering og medverknad frå innbyggjarar, frivillige organisasjonar, tilsette, råd og utval. Dei lokale tiltaka i planen gjev føringar for kva som er viktig for å få ein god alderdom, og kva som gjer at Seljord kommune blir ein endå betre aldersvenleg kommune. Dei tiltaka som krev økonomi og ikkje kan løysast over ramma eller kjem som ein del av budsjett og økonomiplan, må greiast ut og sendast kommunestyret som eiga sak.

### Covid-19

Gjennom året har vi gått frå kontrollstrategi til beredskapsstrategi nasjonalt. Det har vore stadige endringar i tiltak som besøksrestriksjonar, bruk av smittevernustyr, testing, smittesporing, karantene og isolasjon for å avgrense og kontrollere smitteutbrot. Det har ført til at tilsette har mått jobbe i kohortar, i endra turnusarbeid for til ei kvar tid drifta med god pasientkvalitet, jamfør gjeldande smittevernforskrifter. Seinhaustes 2021 gjekk vi i ein periode over til ein normal kvardag med auka beredskap, frå kontaktreduserande tiltak til reaktive behandlingstiltak for å redusere skade. På slutten av året auka smitta nasjonalt, og



det blei i midten av desember innført nye strengare tiltak igjen, som besøksrestriksjonar på institusjon, bukollektiv og servicebustader å avgrense og kontrollere smitteutbrot.

Kommuneoverlegen som har ansvar for smittevern, fekk mange tilleggsoppgåver og eit stort ansvar i samband med pandemien. Ho har og vore kommuneoverlege for Kviteseid kommune i delar av året som gjekk. Massevaksinering av innbyggjarar starta for alvor frå februar 2021 og har prega mykje av året. Kommunen leigde lokale i Ingrid Slettens veg til dette formålet. Det har vore korte fristar for å iverksette og gjennomføre. Helseenteret har stått i front for dette arbeidet. Frå august blei det vedteke å auke ressursar for å gjennomføre TISK (testing, isolasjon, smittesporing og karantene), reinhald og vaksineringsarbeid. Det er til saman ein innsats utan sidestykke frå frivillige organisasjonar, pensjonistar og tilsette på tvers av fleire tenesteområde i kommunen som har gjort det mogleg å gjennomføre. Det har ført til ein høg vaksinasjonsgrad i kommunen. Brukarane på Tilrettelagte tenester har mellom anna pakka hurtigtestar for kommunen, til utdeling til Seljord si befolkning.

Alle kommunar må framover ha behaldning av smittevernustyr til å tote plutseleg auka forbruk eller forsinka forsyning. Det er ei forventning framover at Seljord til ei kvar tid har på lager behaldning tilsvarande seks månaders normalforbruk.

#### Dimensjon og retning

Seljord kommune har avgrensa kapasitet på opphold i institusjon, særskilt korttidsopphald institusjon. Det har vore nødvendig å bruke 40 overliggjardøgn på Sjukehuset Telemark til pasientar som har hatt behov for korttidsplass eller tenesteyting i heimen rett etter sjukehusopphald. På institusjon har det vore 4 brukarar som har venta på langtidsopphald i til saman 95 døgn i 2021. Seljord har delvis kompensert mangel på heildøgnsplassar ved å leige i andre kommunar. Det er leigd 1 plass i Midt-Telemark kommune i heile 2021 og 1 plass i Kviteseid i 56 døgn.

Stort fokus kring rehabilitering, utgreiing/behandling og avlasting i institusjon har bidrige til sirkulasjon på korttidsplassar. I periodar har vi hatt inntil 8 pasientar på ulike korttidsopphald fordelt på korttidsavdelinga og langtidsavdelinga. Dette viser kor viktig det er med nok og rett bruk av korttidsplassar.

#### Tidleg innsats

Seljord er ein del av pilotprosjektet Primærhelseteam. Det har gitt betre koordinerte og samanhengande tenester for brukarane, og ei betre tverrfagleg teamorganisering. I prosjektet er Seljord finansiert ved driftstilkotmodellen, noko som har gitt økonomisk tryggleik i coronapandemien.

Frisklivsentralen blei etablert som eit prosjekt i 2019 med støtte frå tilskotsordning. Bakgrunn for prosjektet var at Seljord ynskjer å tilby innbyggjarane eit stabilt førebyggande lågterskeltilbod i kommunen, med tanke på å førebygge eller avgrense utvikling av sjukdom. Tilboden er godt forankra i ei fast kommunal fysioterapistilling, i tillegg til ei 20 % prosjektstilling. Det er sett av lønsmidlar til å dekkje prosjektstillinga i 2022. Fram til 2020 var



det størst fokus på den vaksne delen av befolkninga, medan det i 2021 har vore lågterskeltilbod til ungdom i kommunen. Frisklivsentralen har jobba med utvikling av to konkrete tilbod. Det eine, i samarbeid med SLT-koordinator, var retta mot ungdom som fell utanfor idrett og aktivitet. Det andre fokusområdet var å auke fysisk aktivitet hos vaksne pasientar som er ramma av kreft.

I løpet av 2020 søkte og fekk kommunen tilskot for å motverke einsemd hos bebuarar på institusjon og bu- og servisesentra. Kommunen fekk 800 000 kr til turveg, turhytte og besøksvert/frivilligkoordinator. I 2021 blei offisiell opning av turhytte ved Nesbukti. Den er open for alle som vil nytte seg av den.

I 2021 har det vore auka helsesjukepleiar eller SLT til stades på skulane. Prosjektmidlar frå «styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta» har gått til løn for helsesjukepleiar i 70 %. Det har auka kapasitet og tilgjenge på alle skulane i kommunen. Etter auking av tenesta i skulane har etterspurnaden på tenesta auka, både frå elevar og personell i skulen. Det har vore veldig tydeleg eit behov etter den kompetanse helsesjukepleiar har.

### Kompetanse og rekruttering

I 2021 har fleire tilsett innan helse og omsorg gått av med pensjon. I tillegg har nokre i faste stillinger sagt opp grunna overgang til andre stillingar/yrker. Sentralt for arbeidet i 2021 har vore utfordringar knytt til rekruttering, ikkje minst knytt til helgearbeid. Det er store vanskar med å rekruttere i alle einingane, og ikkje minst behalde, spesielt innan institusjon og tilrettelagte tenester. Fleire vakante stillingar blei dekt opp med ufaglærte i vikariat og som sporadiske ekstravakter. Rett kompetanse på nattevakter er ei spesielt stor utfordring. Som eit strakstiltak blei det hausten 2021 politisk vedtatt å kompensere nattevaktstilling med 50 000 kr / 100 % stilling utover grunnløn. Det gav resultat ved at Nesbukti klarte å rekruttere 2 sjukepleiarar. Diverre var glede kortvarig då begge etter kort tid valde å slutte i prøveperioden.

I Seljord er fleire tenester innan helse og omsorg marginalt bemanna ettersom oppgåver har auka og omfanget er endra. I 2021 blei det politisk vedtatt å styrke heimetenesta og legesenteret med årsverk. Eit anna tiltak for å rekruttere rett kompetanse til nattevaktstillingar er kompensasjon utover grunnløn. Det ser ein allereie effekt av, men det er framleis ei utfordring å behalde dei ein har klart å rekruttere inn.

Det har til no vore lett å rekruttere til ledige faste helsefagarbeidarstillingar, men det er vanskeleg å rekruttere vikarar og til ledige helgestillingar. Det var færre som søkte seg til helgestillingar og biarbeid ved sida av eit utdanningsforløp.

Rekruttering av kvalifisert fagpersonell vil bli ein viktig jobb i tida framover for å oppretthalde, behalde og utvikle god fagkompetanse. Løn, moglegheit for kompetanseutvikling og arbeidsmiljø er faktorar som blir viktige i ein rekrutteringsprosess.



## Samarbeid

Et hovedgrep i Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 var å opprette 19 helsefellesskap. Intensjonen med Helsefellesskapet var at helseforetak og kommunar i quart optaksområde skulle møtas for å planlegge og utvikle tenestene saman. I Telemark blei Helsefellesskapsmodellen vedtatt i Partnarskapsmøte 22. januar 2021.

## Tenestetilbod og status i einingane

### Tenestekontoret og koordinerande eining

Tenestekontoret har 2 sakshandsamarar (1,8 årsverk) og er organiserte under kommunalsjef. Målet for sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester er at det skal bli tilbydd rett teneste til rett tid, og i rett omfang for personar som oppheld seg i kommunen. Kontoret deltek i bustadutvalet som sekretær.

Tenestekontoret har overordna ansvar for arbeidet med individuell plan (IP) og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorar. Tenestekontoret har ansvar for den dagleg elektroniske samhandlinga mellom sjukehus og kommunen og internt mellom einingane i kommunen. Tenestekontoret er kommunen si koordinerande eining, og har mellom anna ansvar for tildeling og kartlegging av desse tenestene: Heimesjukepleie, praktisk bistand – heimehjelp, praktisk bistand – opplæring, privat heimehjelp, brukarstyrt personleg assistent, omsorgsstønad, tryggingsalarm, matombringning, omsorgsbustad, støttekontakt og privat avlastning (rekrytering/opplæring/rettleiing), individuell plan, bu- og servicesenter/bukollektiv, langtidsopphald institusjon, korttidsopphald institusjon, rehabilitering i og utanfor institusjon, dagaktivitetstilbod, nattopphald, tenester innan psykisk helse, teneste rusomsorg, tilrettelagt transport (TT-kort), parkeringsløyve for rørslehemma, ledsgarbevis (følgjekort).

### Tilrettelagte tenester

Eininga har omsorgsbustadar med heildøgns omsorg og avlastningsplass til menneske med nedsett funksjonsevne. Eininga yter ambulerande tenester som avlastingstiltak i heimen til brukarar og praktisk bistand med opplæring. I tillegg driftar eininga eit aktivitetssenter kalla Eventyrsenteret. Tenesta har fagleiar for Eventyrsenteret i 80 % stilling og einingsleiar i 100 % stilling.

I 2021 blei det levert tenester til 12 brukarar. Det er totalt 22 tilsette med ulik formal -og erfaringskompetanse. Det er vanskeleg å skaffe kvalifisert personell til faste stillingar og som tilkallingsvakter. Det har i 2021 vore brukt mykje tid og ressursar på rekrytering både med fagarbeidarutdanning og høgskuleutdanning.

Det har gjennom året vore viktig å gjere fine ting saman, for såleis å flytte fokus frå bekymring og vanskeleg forklarbare restriksjonar. Aktiviteten har gjennom 2021 vore prega av omsyn og tilpassing til koronavirus og smitte. Ein kan likevel sjå tilbake på mange fine nærturar til



mellan anna dagsturhytta i Flatdal, tur til Mjonøy, bading på Bjørgesanden, verandafest og stølstur til Kråkeroet. Ei av brukarane gjennomførte si målsetting om fottur til Gaustatoppen.

Tilskot frå Dagsrudstiftelsen Nome for 2020 blei brukt til Langedrag-tur, med overnatting. Innimellom dette blei det planta tomat og agurk, og det blei ruga ut eit par hanekyllingar på kjøkkenbenken i fellesarealet. Året kulminerte med tradisjonell førjulsfest, med god julemat og rådmann som nisse.

Tenesta har også halde fram å samarbeide med ulike eksterne instansar og fagmiljø, som HAVO, USHT, Munikum, Velferdsteknologiprosjektet, primærhelseteam.

#### [Open omsorg](#)

Open omsorg omfattar heimesjukepleia, heimehjelpstena, servicemedarbeider, Nestunet bukollektiv og dagsenter og Steinmoen bu- og servicesenter. Eininga har 48 tilsette fordelt på i underkant 31 årsverk og har arbeidd målretta for å få ei robust og fleksibel eining, der mange tilsette har to tilsettingsforhold i eininga og dermed kan arbeide fleire stader. Dette fører og til at dei tilsette får større stillingar.

Heimesjukepleia fekk ei ny sjukepleiarstilling i 2021 som har vore i drift dei siste fire månadane. Det å ha ei innevakt har gjort arbeidssituasjonen mindre stressande for alle tilsette, og det aukar kvaliteten på tenesta. Det at det siste halvdel av året har vore mindre press på institusjon, og rom for observasjonsopphald, avlastning og langtidsopphald lettar trykket i open omsorg. Vi har og starta med tredelt turnus i oktober, for å sikre ei fagleg forsvarleg døgndrift. Vi erfarer at fleire ynskjer å bu lengre heime, og pasientane blir raskt utskrivne frå sjukehus. Dette krev god kompetanse gjennom heile døgnet. Arbeidstidsordninga vil bli evaluert i mars 2022.

Fram til no har det vore lett å rekruttere til faste stillingar i heimesjukepleia, men det er vanskar med å få tilsett i vikariat og å få tilkallingsvikarar. Utan det gode samarbeidet mellom heimesjukepleia og heimehjelpstena hadde vi ikkje hatt nok vikarar. Rekruttering må ha høg prioritet i åra framover.

Eininga har hatt to tilsyn i 2021. Forvaltningsrevisjonen har sett på system for styring og internkontroll med tenestene vi yter, og i tillegg hatt fokus på arbeidet med ernæring. Vi har fått mange innspel på systematisk arbeid i knytt til ernæring, og vi er i gang med arbeidet. Arbeidstilsynet såg på fysiske og psykiske skadeverknader knytt til arbeidsmiljøeksposeringar, og dette har ført til at vi har fått mange skriftlege tiltak og rutinar på plass.

Nestunet bukollektiv og Steinmoen bu- og servicesenter har hatt stabilt belegg store delar av året. Bebuargruppa på Nestunet har fungert bra, men på Steinmoen har pleietyngda i periodar vore for stor. Grunnane til dette er både mangel på institusjonsplassar i starten av året, og at bebuarane ikkje ynskte å flytte frå Steinmoen. Steinmoen fekk auka ressurs på helg i 2021, noko som har vore heilt nødvendig. Det har ikkje lykkast å rekruttere til faste kvilande nattevaksstillingar, og det er nå vakante stillingar både på Nestunet og Steinmoen.

Tilkallingsvikarar er det og vanskeleg å rekruttere. Dagsenteret har vore i drift heile året, men har redusert drifta til tre dagar i veka for å kunne ivareta smittevern på ein forsvarleg måte.

I år har vi starta opp med Demensomsorgen ABC med 12 deltagarar frå Nestunet, Steinmoen og heimehjelstenesta, noko som har blitt godt mottatt av deltagarane. Det har vore lærlingar, sjukepleiarstudentar og elevar fleire stader i eininga, noko som gjev inspirasjon til fast tilsette. Satsingsområde framover vil mellom anna vera demens, rehabilitering, velferdsteknologi og palliasjon.

### Institusjon

Seljord har ein institusjon, Nesbukti pleie- og omsorgssenter, med totalt 31 plassar. Av desse er 27 langtidsplassar (somatisk avdeling og avdeling for demente), 3 korttidsplassar og 1 kommunal akutt døgnsplass (KAD). I 2021 har institusjon hatt eit stabilt høgt belegg med høg pleietryngde. IPLOS registrering for 2021 viser at 18 av 27 langtidspasientar har ei pleietryngde på 4,5 av 5, noko som inneber at dei har eit omfattande pleiebehov. Høg pleietryngde seier også noko om ressursbehovet.

Nesbukti har 10,92 sjukepleiar årsverk knytt direkte til drift. Ved årslutt 2021 mangla det 4,72 årsverk sjukepleiekompetanse. Nesbukti har 7 tilsette over 60 år. Fleire har alt sagt opp stillingane sine og vil gå av med pensjon våren 2022.

Institusjonen får stadig fleire og meir krevjande oppgåver for å avlaste sjukehusa, noko som krev god sjukepleiardekning, høg fagkompetanse og behov for spisskompetanse på ulike felt. Med åra vil det bli fleire eldre og færre yrkesaktive til å ta seg av de eldre. Ein merkar allereie no eit høgt arbeidspress og til tider svært belastande og krevjande arbeidsforhold.

Det er vanskeleg å få til eit godt tilbod om rehabilitering i institusjon då kommunen har få plassar til disposisjon. For å få til eit tilfredstillande tilbod er det naudsynt å auke kapasiteten på korttidsplassar og rehabiliteringsplassar i institusjon. Målet er å utvide korttidsavdelinga til 5 sengeplassar i fyrste omgang.

Bemanning på korttidsavdelinga har vore uendra sidan oppstart i 2019. Arbeid med rehabilitering og pasientar på korttidsavdelinga krev ei tettare oppfølging og administrasjon i form av innkomstsamtaler, målsamtaler og meir systematisk kartlegging, noko som krev tid og ressursar.

I 2021 vart det installert stille sjukesignal, porttelefon og automatiske dørlåsar på avdeling for demente.

Seljord kommune leiger lokalar på Dyrskuplassen til produksjonskjøkken. Det er tilsett 2 kokkar, med totalt 1,6 årsverk. Produksjonskjøkkenet leverer og produserer middag og dessertar til Nesbukti, Steinmoen og Nestunet 2 gongar i veka. Dei leverer også middag og dessert til heimebuande i kommunen, der antal varierer gjennom året. Produksjonen er basert på ein 6 vekers meny der dei forskjellige plassane kan komme med innspel på rettar.



## Helseavdelinga


### *Legekontor/legevakt*

Helsenesenteret har også i 2021 hatt ansvaret for å gjennomføre mange av dei nye tiltaka som kom i samband med pandemien. Mange har delteke med ulike arbeidsoppgåver: pensjonistar og frivillige frå Røde Kors, tilsette frå andre einingar, frå reinhald og frå drift – med rigging, brøyting, reinhald. Kontoret fekk tilført ekstra ressursar til stillingar som kunne avlaste dei fast tilsette i den travlaste perioden av året. Likevel har arbeidsbøra for dei tilsette gjennom året vore stort. Tenesta har komme seg igjennom utfordringane takk vere eit godt arbeidsmiljø og dedikerte tilsette på alle nivå.

Krava til helseavdelinga aukar stadig, også i ”fredstid”. Kommunen får stadig fleire eldre, og fleire oppgåver vert flytta frå sjukehus til kommunehelsetenesta. Dette medfører stort press på tenesta og auka krav til kompetanse. Fleire overlever no tilstandar dei før ville ha døydd av. I tillegg kjem det stadig fleire nye pasientar på listene til legane, noko som gjer at alle tilsette får meir å gjere, og kvardagane vert travle. Pasientar frå andre kommunar som flytta over til nye fastleggar i Seljord, er ofte dei med størst hjelpebehov.

### *Fastlegeordninga*

Nær 4000 personar har fastlege i Seljord. Dei kommunalt tilsette fastlegane har om lag 1000 fleire listepasientar enn det er innbyggjarar i kommunen. Det vert levert kvalitativt gode og stabile legetenester, og det var i 2021 ein jamn straum av nye listepasientar og ei veksande venteliste. Då kommuneoverlegen har vore omdisponert og prioritert inn i pandemiarbeid, har det vore behov for legevikar store delar av året. Det viser seg å vere vanskeleg å rekruttere vikar til legestilling, og frå august 2021 har det ikkje vore vikar å få tak i. Det har ført til høgare arbeidsbelastning enn ynskt på alle legane.



### *Helsestasjon og skulehelsetenesta*

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har fast bemanning med helsesjukepleiar på 2 årsverk og 0,7 årsverk gjennom prosjektmidlar. Prosjektstillinga vert nytta til ungdomsskulen, folkehøgskulen og noko overfor barn og unge 0-5 år. Det er knytt jordmor, lege og fysioterapeut til tenesta. Det er høg kompetanse i tenesta der fleire har vidareutdanninger i tillegg til helsesjukepleiarkompetanse.

Ungdomsrådet i kommunen har etterspurt meir tid med helsesjukepleiar til 10. klasse. For å dekke dette er det innført individuelle 10.klasse-konsultasjonar.

Helsesjukepleiarane har også i 2021 mått delta i koronavaksinering og smitteberedskap i kommunen. Konsekvensen av pandemien har vore at færre ungdommar har teke kontakt med helsestasjonen. Dei tilsette har jobba med å få tak i ungdommen igjen og har hatt oppsøkande verksemd på skulane, inkludert folkehøgskulen, for å informere om tilbodet. Det er også færre foreldre som nyttar helsestasjonen til skifting/amming og spørsmål utan avtale. I løpet av 2021 har igjen ungdom og barn/foreldre komme tilbake til tenesta tilnærma slik det var før pandemien.

### *Psykisk helse og rus*

I 2021 var det knytt 5,7 årsverk til tenesta, medrekna ressurs knytt til einingsleiar. Frå 2021 blei oppgåvene knytt til oppfølging av alkohollova (omlag 10 %) flytta ut av tenesta og over i helseadministrasjonen.

Psykisk helse og rus tek imot innbyggjarar som treng behandling i forhold til lettare psykiske lidinger, og har ansvar for å fylge opp personar med tyngre psykiske lidinger. I tillegg fylgjer tenesta opp menneske med rusproblem, knytt til alkohol, legemiddel og andre narkotiske stoff. Tilbodet vert gjeve som samtalar på kontor, oppfylging i heimen, eller organisert i gruppe. Tenesta arrangerer sosiale treff og ansvarsgrupper.

Tenesta peikar på utfordringar knytt til samarbeid med NAV og politiet. I tillegg er det utfordrande med brukarar som treng eit høgare omsorgsnivå, og som ikkje passar inn i sjukeheimen. Kommunen har i dag ikkje eit godt nok tilbod til yngre personar som slit med psykisk sjukdom og som treng eit heildøgns omsorgstilbod. Det er også ei utfordring at kommunen enno ikkje har bustader som er tilrettelagde for personar med nedsett buevne grunna ruslidinger.

### *Fysioterapitenesta*

Kommunen har to kommunalt tilsette fysioterapeutar og driftsavtale med ein privat. Frå desember 2020 vart det tilsett ergoterapeut i 20 % stilling. Det er høg kompetanse i tenesta, med spesialisering i manuell terapi, psykodynamisk fysioterapi, barnefysioterapi og idrettsvitenskap. Frisklivsentralen er knytt til avdelinga.

Avdelinga får stadig fleire oppgåver og fleire pasientar. Nyopererte pasientar kjem raskare heim frå sjukehus og treng rehabilitering. Det er utfordringar med at fleire blir eldre og skal ha oppfylging i heim/institusjon/institutt. Det vert og fleire menneske med psykiske



utfordringar som ynskjer god hjelp med fysioterapi, dette er ofte tidkrevjande arbeid. Det er behov innan skule og barnehage.

### Interkommunale samarbeid

Seljord er vertskommune for samhandlingskoordinator. Innsatsområdet er i hovudsak relatert til samhandling mellom sjukehuset Telemark og kommunane i Vest-Telemark, med fokus på å leggje til rette for dialog og gode avgjerder som fremjar samhandling og utvikling mellom tenestenivåa. Samhandlingskoordinator er mellom anna ein viktig samarbeidspart i prosjekt som «det gode pasientforløp» og «rask psykisk helsehjelp».

Seljord er også vertskommune for interkommunal psykologteneste. Det er eit samarbeid mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Tokke og Seljord. Kommunepsykolog er lovpålagt og jobbar i tråd med retningslinene frå Helsedirektoratet. Det er knytt 2 årsverk til tenesta. Delar av året har den eine psykologen vore ute i barselpermisjon.

Barneverntenesta er eit interkommunalt samarbeid der Kviteseid er vertskommune. Barnevernet melder om nedgang i talet på meldingar i 2021, likt som i resten av landet. Det kan vere ein direkte konsekvens av pandemien, då det har ført til færre kontaktpunkt med barn enn i normaltid. Ny barnevernsreform gjeld frå 1.1.2022 og overfører ansvar frå stat til kommune. Det skal i løpet av 2022 vere ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar til politisk behandling. Seljord har komme godt i gang med førebyggande arbeid blant barn og unge. Det er tilsett SLT- koordinator for å samordne rus og kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge. Oppgåver kan vere å koordinere informasjon, kunnskap og ressursar mellom kommunale aktørar og politi, og til næringsliv og frivillige organisasjonar der det er naturleg. Det er og oppretta eit tverrfagleg barneteam, i tillegg til at helsejukepleiar er meir til stades på skulane.

Kviteseid kommune har hatt avtale med Seljord kommune om kjøp av kommuneoverlegeteneste i 20 % i delar av 2021. Frå 2022 blir Seljord kommune vertskommune for ei felles fast 60 % stilling som kommuneoverlege for Seljord og Kviteseid kommune.

### Rekneskap

Fellestenester helse- og omsorg	1 573 115,83	1 456 824,31	-116 291,52	107,98 %
Barneverntenester	6 009 977,00	6 190 000,00	180 023,00	97,09 %
<i>Eining:</i> Helseavdeling	16 338 067,02	17 275 235,90	937 168,88	94,58 %
<i>Eining:</i> Open omsorg	24 618 748,40	26 775 800,15	2 157 051,75	91,94 %
<i>Eining:</i> Teneste for funksjonshemma	10 173 390,42	10 822 108,78	648 718,36	94,01 %
<i>Eining:</i> Institusjon	31 273 799,11	31 891 849,06	618 049,95	98,06 %
PO 3 Helse og omsorg	89 987 097,78	94 411 818,20	4 424 720,42	95,31 %

Helse og omsorg leverer eit positivt resultat for 2021.

2021 har ikkje vore eit økonomisk «normalår» grunna pandemi. Helse -og omsorgstenesta er ein stor sektor som forvaltar ein stor del av kommunen sine samla driftsmidlar. Netto drifts- og finansutgifter for 2021 viser eit mindreforbruk på omlag 4.500.000 kroner.

Den viktigaste årsaka til mindreforbruket er at lønnsutgiftene i 2021 er mindre enn budsjettet. Det er store utfordringar innan helse og omsorg å rekruttere rett kompetanse inn i stillingar. Det vil seie at det i fleire vakante stillingar kan vere mellombels tilsette med annan kompetanse, eller at ledige stillingar blir dekt opp av ekstravakter med annan kompetanse. Det er ei klar negativ endring i tilgang på vikarar, som igjen fører til underbemanning ved korttidsfråvær.


På inntektsida har kommunen fått ein del tilskot i samband med koronapandemien som har vore med og dekt noko av utgiftene knytte til auka i ressursar i helsetenesta. Refusjon av sjukepengar har òg virka inn på sluttresultatet. Før pandemien var det mykje korttidsfråvær relatert til forkjøling, influensa, omgangssjuke, sjuke barn og liknande. I pandemi har det vore lite fråvær knytt til anna enn covid-19, noko som har gjeve refusjon frå staten.

Det er spesielt eit mindreforbruk innan eininga open omsorg. I deler av året har dagsenteret vore stengt grunna pandemien, og fast bemanning har vore omdiportert til heimetenesta, Nestunet og Steinmoen. Det har ført til mindre behov for vikar ved fråvær og ved ferieavvikling. Det var blant anna ikkje behov for å nytte vikarbyrå i sommar. Dette gir totale innsparinger på vikarutgifter innan eininga.



## 8 Samfunnsutvikling og drift

### Organisering



Tenesteområdet har ansvar for ei rekke ulike oppgåver og er organisert med ein kommunalsjef som har det overordna ansvaret. Organisasjonskartet viser store deler av oppgåvene som ligg innanfor området samfunnsutvikling og drift.

### Måloppnåing, utvikling og utfordringar

Frå kommuneplanens samfunnsdel ligg desse strategiske måla for tenesteområdet:

- Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år
- Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra tilflyttarar fram til 2030
- Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid
- Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle
- Seljord skal tilby gode bummiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen
- Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innanfor tettstadsgrensa



- Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysingar
- Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebyggje kriser og uynskte hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uynskte hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
- Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområde
- Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd

## Kultur

Året 2021 var prega av pandemien og det vart eit veldig spesielt år for alle dei som driv med kultur. Dei fleste arenaer for øvingar og framføringer var stengde store delar av året, og alle framsyningars på Granvin, festivalane og Dyrsku'n vart avlyste.

Det vart gjeve kr 251.000,- i tilskot til 28 lag og foreiningar. Av dette kr 68.000,- til aktivitetstilbod for born og unge, 92.000,- til idrettslaga og Skorve karate, kr 49.000 til andre kulturaktivitetar, for vaksne, til grendelag og velforeiningar og kr 42.000 til 17.mai-komiteane. Frå det kommunale næringsfondet/ kraft vart det løyvd kr 60.500,- til løypekøyring. På grunn av koronasituasjonen hadde mange lag og foreiningar reduserte aktivitetar og inntekter. Sidan Dyrsku'n og festivalane på Dyrskuplassen vart avlyst, vart det tøft for mange lag som normalt har store inntekter frå Dyrsku'n. Laga har store faste utgifter med til dømes lokalleige, trenarar og arenaer. Noko av dette vart kompensert gjennom statlege ordningar.

17.mai-markeringa vart spesiell i 2021 også sidan det aller meste vart avlyst p.g.a. koronapandemien. Kommunen, med ordførar i spissen, tok ansvaret med å organisere eit fellesopplegg med dei mest grunnleggjande aktivitetane for 17. mai-markeringa i heile kommunen.

Sparebankstiftinga Seljord og Seljord kommune delte ut kulturpris til Inger Noraberg for stor innsats med frivillig arbeid i m.a. Seljord skulemusikk. Ungdommens kulturstipend vart delt ut til friidrettsutøvaren Herman Hogstad Sveinsson.

Seljord seniordans, Seljord songlag og Seljord og Kviteseid leikarring fekk støtte til lokalleige på Granvin kulturhus, jamfør Lov om vaksenopplæring, sjølv om aktiviteten ikkje har vore på normalt nivå.

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining og Seljord frivilligsentral og Videoarkivet. For å sikre offentleg tilgang til friluftsområde sommar og vinter er det inngått åtte langsiktige avtaler.

Kommunen fekk omlag kr 12.000,- frå fylkeskommune til Den kulturelle spaserstokken for å stimulere til gode kulturopplevelingar for eldre i kommunen. Desse midlane blir brukte i samarbeid med Nesbukti pleie- og omsorgssenter og andre aktørar i kommunen.



I samarbeid med Seljord idrettsråd vart Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2021 rullert i januar og seinare vedteken av formannskapet.

Seljord kommune mottok sju søknadar om speleemidlar til ordinære anlegg i 2021. Alle vart godkjende. Søknadane vart prioritert slik:

1.	Åmotsdal idrettslag, turveg del 1	Ny	1.720.000
2.	Åmotsdal idrettslag, lysløypa, nytt lys	Ny	251.000
3.	Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg Del III Bru Håkkedalen	Ny	600.000
4.	Seljord turlag, Djupsåi turbru	Ny	75.000
5.	Seljord kommune, Turveg Fjellbru	Ny	1.750.000
6.	Seljord kommune, turvegbru Århusmoen	Ny	650.000
7.	Seljord kommune, Skilting turvegar Flatdal	Gjenteke	300.000

Åmotsdal idrettslag fekk løyvd kr 251.000 til betre lys i lysløypa, og dei fekk kr 1.000.000 som del til turvegen. Flatdal Bygdeutviklingslag fekk kr 500.000 til bru i Håkkedalen. Seljord kommune har seinare overteke dette prosjektet. Søknadene om Fjellbru og turvegbru på Århus er seinare trekt, då det ikkje vart mogleg å gå vidare med desse prosjekta.

Ungdomsklubben starta opp i lokala i kjellaren til gamle Colibri på Fjellheimtomta våren 2021. Det var nokre koronarestriksjonar, men dei fekk til ein ganske populær møteplass. Andre halvdel av 2021 var prega av pandemirestriksjonar i tillegg til at det var nye leiarar som ikkje greidde å komme i gang med ungdomsklubben.

Symjehallen hadde nokre koronarestriksjonar og vart forsøkt halde open. Fritidsbadet vart avgrensa til fredagskveldane og laurdagane. Symjehallen fungerer greitt og er svært mykje bruk, men hallen treng ei større oprusting/ investering. Dette gjeld spesielt ventilasjonsanlegget som nå er svært dårlig. I jola vart hallen stengt.

Kommunen fekk kr 150.000,- av Vestfold og Telemark fylkeskommune for å planleggje og forbetre diverse turvegar for sykkel og gange. Av desse pengane er noko brukt til å kartleggje stigar/snarvegar i bustadområde; for å sikre betre bruk av stigane og snarvegane er det planar om å gjennomføre enklare tiltak langs desse.

#### [Seljord bibliotek](#)

Totalt utlån i 2021 var 12 064. I tillegg kjem digitale utlån av e-bøkar, lydbøker og film på totalt 934. Dette er ein auke på 18 % frå 2020. Totalt registrerte besøk innanfor ordinær opningstid på biblioteket er 12 106. Dette er ein auke på 13,7 % frå året før. Vidare har hovudbiblioteket registrert 76 besøkande via meirope bibliotek, altså besøk etter bibliotekets opningstid. Alt i alt kan ein seie at året har vore prega av pandemien både med tanke på besøk, utlån og aktivitetar generelt.

Prosjektet *Bok på bui* i Flatdal kom i gang i mai, med opning i oktober. Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket, Flatdal bygdeutviklingslag og Joker i tillegg til eigenfinansiering i form av innkjøp og arbeid.

Det har vore gjennomført 9 arrangement med totalt 271 deltakarar. Av desse var det eit arrangement for elevar ved skulen i Flatdal og eit digitalt arrangement. I samarbeid med frivilligsentralen har biblioteket arrangert Digihjelp. Dette er finansiert av Vest-Telemarkrådet. Det har vore totalt seks samlingar med til saman 24 deltakarar.



## Næring

Koronapandemien prega delar av næringslivet gjennom året. Reiselivet (servering og overnatting) fekk ein bra sommar, men utan festivalar og Dyrsku' vart sesongen kort. Serverings- og overnattingsbedriftene måtte stengje i desember, midt i høgsesongen med jolebord. Alle som driv innan persontransport har hatt få oppdrag og få passasjerar gjennom året.

Dei aller fleste verksemndene i kommunen ser ut til å ha klart seg. Kanskje takka vere litt støtte og tiltak frå stat og kommune. Tal på permitterte og arbeidsledige i Seljord vart heldigvis ikkje veldig høgt. Men for mange bedrifter har eigenkapitalen fått seg ein knekk, så korleis langtidseffekten blir for dei einskilde verksemder er usikkert.

Utbyggingsavtala mellom Seljord kommune, Telemark bilruter AS, Bergene Holm Eiendom AS og Stiftinga Dyrsku'n vart underskriven i april 2021. Målet med avtala var å lage ny avkjøring frå E 134 til Telemark bilruter sitt område, tilkomstveg til ny bru over Bygdaråi og tilkomstvegar til Nordbygdrivegen og langs Bygdaråi til Dyrskuplassen. Vegen over brua og til Nordbygdrivegen er planlagt ferdig våren 2022. Telemark bilruter/Telemark Godslinjer er i gang med å opparbeide den store tomta dei har kjøpt ved E134 i Nordbygdi. Det er store planar for eit transportsenter innan storbil, gods/ logistikk og anlegg for fleire typar drivstoff (biogass, straum og diesel).

Seljord Næringspark (tidlegare Bergene Holm sitt område) er blitt delt opp, og fleire parsellar er selde. Det er store planar for å bygge ut området, og følgjande verksemder planlegg å etablere seg i næringsparken:

- Nordbygdi Handel AS har etablert Montér Seljord. Dei rustar opp og byggjer om lokala til Bergene Holm si tidlegare verksemde på plassen.
- Seljord varmeservice AS har kjøpt eit område for å flytte verksemda si i nye lokale.
- Autostrada har valt seg ei tomt for å bygge nytt utsal med m.a. Vircedes.
- Dyrud Elektro As har kjøpt tomt for å flytte verksemda si til næringsparken.
- Utbyggingsselskapet Hauk Sveinsson Utvikling As har kjøpt tomt for å bygge eit stort bygg med lagerseksjonar for utleige.
- Slaatto Rør As har etablert seg i næringsparken.

Tidlegare har Kvålseth Trafikkskule As kjøpt og etablert seg i lokala etter Rønning Maskin, ved sida av Skorve sitt bygg. Det vil bli stor aktivitet i Nordbygdi-området, og det vil gje nye arbeidsplassar og utvikling av Seljord som handelssentrums.

Århusmoen industriområde blei ikkje regulert for handel. Verksemda Oldroyd har inngått leigeavtale og etablert seg på Århusmoen.

Vest-Telemark kraftlag AS, som kommunen har engasjert for å bygge ut breiband/ fiber i dei områda som nå er definerte som ikkje-kommersielle for utbygging, Vefall/ Brekke, Seljordsheii med Garvik og Telnes og i Kivledalen, nærmar seg fullt utbygde. Planen er at alle fastbuande i Seljord kommune skal kunne ha tilbod om breiband, primært på fiber, i løpet av våren 2022.

Prosjekt *Opplevingsvegen om Nutheim* der Seljord kommune og Hjartdal kommune er prosjekteigarar, utviklar saman med Telemark fylkeskommune og Statens Vegvesen vegen/området langs Sogevegen mellom Århus og Gvammen. Målet er at denne strekninga blir ein opplevingsveg for besøkande og syklistar. Prosjektet nærmar seg avslutning, og mykje er gjort for å gi alle gode tur- og kunstopplevelingar.

Prosjekt Bygdevert er etablert i samarbeid med Møtestad Seljord AS og Seljord Næringslag. Det er Møtestad Seljord som er vertskap for ordninga. Prosjektet er finansiert av Seljord kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Møtestad Seljord og Næringslaget/næringslivet. Kristine Kleiv er tilsett som bygdeutviklar i eit to-års engasjement og startar i januar 2022.

Statsbudsjettet for 2021 gav kommunane midlar for å kompensere bedrifter for tapt omsetnad grunna smitteverntiltak. Seljord kommune fekk tildelt kr 1.347.000,- i tre rundar. Runde 1 og 2 vart lyst ut og retta mot serverings- og overnattingsverksemder. I runde 3 prioriterte vi gruppa som driv med parkering og camping rundt Dyrskuplassen, der dei aller fleste ikkje har hatt høve til å søke andre ordningar.

#### **Statsbudsjettet 2021 - tilskot kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder**

	Tekst	Dato
Tildelt Seljord kommune	25.feb.21	267 000
Tildelt Seljord kommune	15.apr.21	340 000
Tildelt Seljord kommune	25.jun.21	740 000

Mottakarar	25.feb	15.apr	25.jun
Lien Fjellgard	100 000		
Kongehella AS	50 000		
Seljord hotell	117 000	133 000	
Aarnesgruppen AS		75 000	
Wasanas Thaimat AS		75 000	
Charms kinamat AS		40 000	
Gro Moen , Grave			60 000
Hans Mjaugedal			25 000
Bjørn Ole Aanonsen			90 000
JBS Handel AS - Sandsdalen			100 000
Bjørn Vestergård Lognvik			120 000
Asbjørn H. Sandberg			7 000
Bjørg Irene Abrahamsen			30 000
Øyvind Mo			100 000
Svein Kjetil Lønnestad			10 000
Morten Øygarden			8 000
Olav Kvalem		12 000	
Forberg utleige – Hovstø			60 000
Sanden Camping			130 000

<b>SUM</b>	<b>267 000</b>	<b>335 000</b>	<b>740 000</b>
------------	----------------	----------------	----------------

### Kommunalt næringsfond/ kraftfond

kr 2.567.000,- Det Kommunale næringsfond/Kraftfond var i 2021 konsesjonsavgift (2.195.000,-) og overføringer frå tidlegare år (372.000,-) sum total for 2021.  
Kr - 840.000,- Det var internt avsetjingar på (låneavdrag 212.000, til landbruksføremål 200.000, del løn næringssjef 428 000).  
kr 1.010.000 Det vart også i budsjettet avsett til eksterne kostnader/avsetjing til Møtestad Seljord 473 000, Telemarksvegen 35 000,  
Visit Telemark 145 000, marknadsføring/ informasjonstavler 57 000 og til planarbeid 300.000.  
kr 525.000 Frie disponible midlar for 2021.  
kr. 1 300 000 Staten styrkte dei kommunale næringsfonda i august 2020. Seljord kommune fekk 1,3 mill.  
og valde hausten 2020 å overføre denne til 2021.

Ordninga blei lyst ut som generell ordning, og midlane blei fordelt i mars 2021.

Enkeltløyvingane vart fordelt slik:

	<b>Næringsfond kraftfond</b>	<b>Næringsfond – regional utvikling</b>
<b>Løyving</b>	<b>525 000</b>	<b>1 300 000</b>
Støtte Seljord camping	60 000	
Støtte bedriftsnettverk Mytiske Telemark	50 000	
Friluftsføremål - løypekjøring	90 000	
Seljord camping		140 000
Garvikstrondi camping		200 000
Atelier Aase Seljord husflid		200 000
Telespinn AS		50 000
Granvin kulturhus		300 000
Dyrsku'n Arrangevint AS		300 000
Nordbygdi pub og bardrift AS		75 000
Etablere Frøken Fin AS - nettbutikk		40 000
Bjørn Gunnar Haugstoga – produksjon av lange stolper etc	70 000	
Etablere Byggvareforretning Nordbygda	80 000	
Investeringstilskot Seljord Næringsbygg	75 000	
Støtte laftehall - restaurering Aase tre og	100 000	
<b>Sum løyvingar 2021</b>	<b>525 000</b>	<b>1 305 000</b>

## Natur og miljø

Styret for Utvalt kulturlandskap (UKL) i Hjartdal og Svarldal har representantar frå grendene, faglaga i landbruket og politisk nivå i Hjartdal og Seljord kommunar. UKL Hjartdal og Svarldal fekk tildelt 1.160 mill kr for 2021. Det kom inn 31 søknader, og det var løyvd tilskot til 23, primært knytt til restaurering av gamle bygningar. Grunna korona var det ikkje mogleg med informasjonskveldar o.l. i 2021 heller. Det er ei utfordring med reduksjon i tal på beitedyr i somme område.

Seljord kommune deltek både i arbeidsgruppa og styringsgruppa i Midtre Telemark vassområde som høyrer innunder vassregion Vestfold og Telemark. Arbeidet skal sikre at vatnet i vassområdet skal få betre miljøkvalitet i åra framover, og arbeidet følgjer vedteken handlingsplan.

I løpet av året 2021 vart det gjeve 127 nye og fornya dispensasjonar for motorferdsel i utmark (snøscooter) etter § 5 i forskrifta. I tillegg er det gjeve 4 dispensasjonar etter § 6 i forskrifta og 4 dispensasjonar etter § 6 i lova (til helikopter). Vinteren 2021 var det totalt 12 løyve til leigekøying/transportløyve etter § 5a) i forskrifta. I Seljord var det totalt 123 dispensasjonar etter § 5 b) funksjonshemma, c) hytte, d) utmarksnæring og e) vedløyve i forskrifta. Det har vore vanleg å gje 4-årige dispensasjonar. Sist periode var 2016-2020. Alle snøscooterløyva gjekk ut i 2020. Ny søknadsperiode vart innførd med 5-årige løyve frå 2021-2025. Hausten 2020 kom det endring i forskrifta. Det er ikkje lenger krav om min. 2,5 km frå brøyta veg til hytta. Seljord kommune har ikkje innført avstandskrav eller krav om maks. turar t/r hytta.

54 hjortar vart felt i Seljord i 2021. Det er over ei fem-dobling dei siste 10 åra, men to færre enn i 2020. Det vart felt 92 elgar i kommunen i fjor. Fellingsprosent var 79,5 for hjort og 86 for elg. Alle opplysningar og statistikkar ligg opne for alle på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no).

I 2021 vart det påkøyrt 4 rådyr og 1 hjort som anten døydde rett etter påkøyringa eller vart avliva ved ettersøk. Det er framleis forbod mot å legge ut fôr og slikkestinar til ville hjortevilt. Dette er eit tiltak for å avgrense spreiinga av CWD (Chronic Wasting Disease).

Felles klimaplan for alle kommunane i Vest-Telemark vart send på høyring hausten 2021. Høyringsfristen er 20. februar 2022. Arbeidet starta i januar 2020. Pga koronapandemien vart dessverre mange av møta digitale. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for arbeidet.

Midtre Telemark vassområde har ansvar for kanallotteriet. Seljord kommune fekk også i 2021 høve til å delta sjølv om vi ikkje er kanalkommune. Seljord camping på Bjørge stilte område til disposisjon slik at vi kunne setje opp samlepunkt. Publikum kunne då forsyne seg med sekkar og plukke eigarlaust søppel i og langs vassdraget. Dei som ville, kunne vere med i ei utlodding og vinne pengepremiar. Seljord kommune har hatt eit godt samarbeid med Seljord folkehøgskule som gjorde ein stor innsats også hausten 2021 med å plukke søppel fleire km langs vassdraga i kommunen. Seljord kommune tok på seg å hente over 600 kg eigarlaust søppel og frakte det til Renovest IKS.

## Jordbruk og skogbruk

Året 2021 har vore eit tilnærma normalår for jordbruket i Seljord til trass koronapandemien. Bøndene har hatt store ekstrakostnader i samband med prisoppgang på kunstgjødsel m.m. Seljord kommune går ut frå at tala under vil stige som følgje av tilleggsforhandlingar til landbruksoppgjeret.

## Tilskotsstatistikk

Produksjonstilskot	13.033.555 kr.
RMP	764.514 kr.
SMIL	288.057 kr.

Alt i alt har rådmannen attestert på utbetalingar av ca. 14 millionar statlege kroner til jordbruksnæringa i Seljord kommune for 2021.

I sum har Seljord kommune utbetalt ca. 117.962 kroner i NMSK-tilskot til tiltak i samsvar med avtalt tiltaksstrategi og retningslinjer for skogbruket i kommunen. Tilskota gjekk til 233 daa med ungskogpleie og ekstraordinært tilskot til vårplanting p.g.a. koronapandemien.

Hogstkvantum, verdi og snittpris Kjelde: LANDBRUKSDIREKTORATET INNVILDT VSOP VIA SKOGDATA

	Hogst m³	Totalverdi, kr	Snittpris kr pr. m³
2021	24 701	10.628.203	430
2020	24 706	8.996.487	364
2019	40 497	16.181.745	399
2018	23 742	8.847.683	372
2017	19508	6.321.447	324

I 2021 løvde Innovasjon Norge 350.000 kroner i tilskot til Kim Gøran Aakre Bringa til konvensjonell epledrift på Aakre Gard. Støttegrunnlaget var 1.322.418. Elbjørg Lognvik fekk løving om 110.000 kroner i tilskot til oppstart av bær- og grønsakproduksjon. Støttegrunnlaget var 351.000 kroner.

Kommunalt næringsfond/ kraftfond er konsesjonsavgift og renter. Den delen av fondet som ikkje er disponert i budsjett er fordelt slik for 2021:

Landbruksmidlar 2021 - Tilskot til tiltak i beiteområde - NoFence - Espen Høydahl	Kr. 15.000
Landbruksmidlar 2021 - Tilskot til elektronisk overvakingsutstyr - Tov Eirik Lien, Ole Gunnar Aase og Hans Aarbakk	Kr. 20.000
Landbruksmidlar 2021 -Innovasjon Norge 2021 - tilskot til bedriftsutvikling - bær- og grønsakproduksjon - Elbjørg Lognvik	Kr. 20.000
Landbruksmidlar 2021- tilskot til flytting og opprettning av nytt returpunkt for landbruksplast i Flatdal - Skorve Samdrift	Kr. 25.000
Landbruksmidlar 2021- Tilskot - Innovasjon Norge 2021 - Konvensjonell epledrift på Aakre gard 1/8 - Kim Gøran Aakre Bringa	Kr. 87.500

Landbruksmidlar 2021 - Tilskot - Innovasjon Norge 2020 - Ombygging og utviding av mjølkefjøs på 133/3 Solheim - Espen Høydahl	Kr. 87.500
<b>Sum</b>	<b>Kr. 255 000</b>

### Plan, oppmåling og byggesak

Kommuneplanen sin arealdel var på andre gongs høyring våren 2021. Det kom motsegn frå Statsforvaltaren til utvidinga i Åsdalen. Kommunestyret vedtok arealdelen i desember, der det vart bede om mekling med Statsforvaltaren om Åsdalen. Fylkeskommunen fremja motsegn til reguleringsplan for Sinnesodden. Etter ein langdryg prosess med fylkeskommunen vart motsegna trekt rett før jul då fylkeskommunen meiner at kostnaden ved gang- og sykkelvegen er for høg. Fylkeskommunen vil ikkje koste denne gang- og sykkelvegen. Det vart handsama og vedteke to planar knytt til Sogevegen; turvegbru i Hakkedalen og Fjellbrua langs Flatsjå.

Det vart i 2021 registrert 42 nye oppmålingssaker. Av desse er 13 delingssaker på industriområdet i Nordbygdi. I samband med forventa oppstart av eigedomsskatt i 2022 vart det utført eit stort kvalitetshhevingsprosjekt i bygningsdelen i matrikkelen. Det har vore mykje arbeid med å rekne ut areal på bygg.

Oversikt over byggjesaker:

<b>Byggjesaker</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Rammeløyve	3	3
1-trinns byggesøknad	27	40
Søknad utan ansvarsrett	52	47
Igangsettingsløyve (IG)	7	3
Meldingar om ferdige tiltak, ikkje søknadspliktige	7	5
Mellombels bruksløyve	1	4
Ferdigattestar	23	27
Dispensasjonar frå byggesak	2	0
Dispensasjonar frå plan	15	10
Bruksendringar	4	7
Endringar av tidlegare gjevne løyve	6	7
<b>Sum totalt byggjesaker</b>	<b>147</b>	<b>151</b>
<b>Klagesaker</b>	<b>1</b>	
<b>Delegerete byggjesaker</b>	<b>95</b>	<b>105</b>
<b>Utsleppsløyve (2021: 1 bustad + 19 hytter, 2020: 3 bustader og 11 hytter )</b>	<b>20</b>	<b>14</b>
<b>Gjennomsnittleg handsaming av byggjesøknader</b>	<b>10 dagar</b>	<b>7 dagar</b>

### Seljord brannvesen

Seljord brannvesen er eit deltidsbrannvesen med 16 brannkonstablar. Fire av desse går befalsvakt ei veke kvar, heile året. Alle brannkonstablane har gjennomført grunnkurs i regi av



Noregs Brannskule. I 2021 hadde brannvesenet 3 konstablar på kurs. Av befalsvaktene har alle gjennomført beredskapsutdanning trinn 1, som er kravet. Alle mannskap vert alarmert ved hendingar. Oppmøtet er særsla bra. I gjennomsnitt møter 9 konstablar til ei kvar tid.

I 2021 hadde brannvesenet 66 loggførde oppdrag. Fordeling på type oppdrag er om lag som tidlegare med ein liten auke i helserelaterte oppdrag der det er mykje lyfteoppdrag saman med heimesjukepleia.

Det vart gjennomført ei større skogbrannøving i Seljord i april. Dette var òg ei øving i massetesting for korona ute i felt. I øvinga var det med 3 skogbrannhelikopter, FIG, IUA, skogbranntroppar og brannvesen. DSB (Direktoratet for sikkerhet og beredskap) var til stades og laga mange informasjonsvideoar og dokumentasjon for bruk i opplæring. Det var også store medieoppslag.

Brannvesenet fekk ei gave av Skagerak Energi, og har fått på plass ein repeater for bruk i nødnett. På denne måten vil samband inne i kraftstasjonar bli betre.

#### Kommunale vegar

Ein kald vinter med litt meir snø enn normalt resulterte i høge vintervedlikehaldsutgifter. I mars kom mildvêret, og Sudbøvegen vart forvandla til ein hølete og gjørmete veg. Ein naudreparasjon vart sett i gang i påska, med påfølgjande utbetring på førsommaren. Det vart utført kantslått på alle kommunale vegar i 2021 etter fellesferien.

Utgifter og behov til vedlikehald av vegnettet aukar, og ein greier ikkje å halde takt med etterslepet. Det vart gjennomført noko asfaltering. Brøyteanboda vart lyst ut for 4 nye år, og nye kontraktar vart tildelte hausten 2021. Det vart laga tilstandsrapport på alle bruver i kommunal eige. Rapporten avdekkja ikkje noko alvorleg, men Sudbø bru treng ein spesialinspeksjon med tanke på bru-kar og fundament. Arbeidet med bygging av bru og infrastruktur til Nordbygdi industriområde har starta opp. Hovden Hytteservice AS (entreprenør) fekk oppdraget.

#### Vatn og avløp

Seljord kommune slit framleis med mange vasslekkasjar, Arbeidet med å kartlegge og utbetre desse har også vore ei prioritert oppgåve i 2021. I 2021 fekk vi ein stor vasslekkasje i Arnestadkrysset. Investeringa her kom på 3,3 mill kr. I tillegg fekk vi kollaps på avløpsleidninga/pumpeleidninga rett ved E-134/Sjøormkroa. Dette vart ei krevjande utbetring.

Januar og februar 2021 var særsla kalde månader med låg temperatur over lengre tid. Dette førde til mange episodar og utfordringar med frosne vassrøyr på det kommunale leidningsnettet. Stader der det ikkje har frose før, fraus i 2021. VA-nettet på Århusmoen hadde ein del utfordringar med frost.

VA-utbygginga til Nordbygdi industriområde vart lyst ut. Skorve Entreprenør fekk oppdraget.



## Kommunale bygg

Utleige har vore stabilt i 2021 med få utfordringar. Koronapengane som vart overførde til 2021, har blitt brukte på fire takskifte: Gravshaugvegen 20, Gravshaugvegen 31, Hegnivegen 21 og Hegnivegen 19. I tillegg har pengane vore brukte til å ferdigstille bad nr. 2 i Heddeli barnehage.

## Interkommunalt samarbeid

Seljord deltek saman med Fyresdal, Tokke, Kviteseid og Vinje kommunar i Renovest IKS som er det interkommunale renovasjonsselskapet i Vest-Telemark.

Vest-Telemark brannvern IKS er eit interkommunalt brannvernsamarbeid for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Føremålet til selskapet er å samarbeide om brannvern og utføre lovpålagde brannførebyggjande oppgåver i vertskommunane.

## Rekneskap

	Rekneskap	Justert budsjett	Avvik	Forbruk
<b>PO 4 Samfunnsutvikling og drift</b>	<b>18 808 279,11</b>	<b>18 307 777,80</b>	<b>-500 501,31</b>	<b>102,73 %</b>

Tenesteområdet fekk eit meirforbruk p.g.a. ei fondskorrigering mellom ansvar 440 og 190 (til fordel for 190).

## Sjølvkostområdet syner fylgjande resultat for 2021:

Område	Resultat 2021				Balansen 2021	
	Inntekter (gebyrinntekter)	Kostnader (gebyrgrunnlag)	Overskot Underskot (-)	Året dekningsgrad i % 1)	<b>Avsetjing (-)/ Bruk av dekningsgrads- fond (inkl. renter)</b>	<b>Sjølvkostfond/ framførbart underskot (-) pr. 31.12 2) (inkl. renter)</b>
Vatn	8 799 881	8 894 174	-94 293	98,9 %	0	-537 727
Avløp	6 481 404	6 231 394	250 010	104,0 %	0	-1 078 787
Renovasjon	5 209 028	4 958 465	250 563	105,1 %	-254 281	319 081
Feiing/Tilsyn	1 329 382	1 107 576	221 806	120,0 %	0	-368 287
Slamtøming	1 862 342	1 500 133	362 209	124,1 %	-8 638	8 638
<b>Sum VARFS</b>	<b>23 682 037</b>	<b>22 691 742</b>	<b>990 295</b>	<b>104,4 %</b>	<b>-262 919</b>	<b>-1 657 082</b>

Byggjesak	1 248 047	1 080 231	167 816	115,5 %	-169 457	169 457
Oppmåling	659 400	904 406	-245 006	72,9 %	0	0
Private planar	79 750	753 549	-673 799	10,6 %	0	0
<b>Sum bygg/oppmåling</b>	<b>1 987 197</b>	<b>2 738 186</b>	<b>-750 989</b>	<b>72,6 %</b>	<b>-169 457</b>	<b>169 457</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>25 669 234</b>	<b>25 429 928</b>	<b>239 306</b>	<b>100,9 %</b>	<b>-432 376</b>	<b>-1 487 625</b>

**1)** Årets dekningsgrad før eventuell avsetjing til/bruk av sjølvkostfond.

**2)** Sjølvkostfond er bundne driftsfond. Desse kan berre brukast til dekning av framtidige utgifter på tilhøyrande sjølvkostområde. Sjølvkostfond må nyttast innan ein 3-5 års periode. Når det gjeld renovasjon og slam, er ein lovpålagt å ha sjølvkost (100 % dekningsgrad). På dei andre områda kan ein ha lågare dekningsgrad. Det er ikkje lov (over tid, dvs. 3-5 år) å ha høgare dekningsgrad enn 100 % (sjølvkost). På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost.

Pr. 31.12.2021 skuldar abonnentane Seljord kommune kr 1.657.082 i kommunale eigedomsavgifter (VARFS-området). Dette er kr 949.005 mindre enn pr. 31.12.2020.

